



Høgskulen på Vestlandet

Masteroppgave

JOR508

Predefinert informasjon

Startdato:	30-04-2019 09:00	Termin:	2019 VÅR
Sluttdato:	06-05-2019 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave		
SIS-kode:	203 JOR508 1 O 2019 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.: 416

Informasjon fra deltaker

Antall ord *: 15097
Egenerklæring *: Ja
Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert oppgavetittelen
på norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
uitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn: (Anonymisert)
Gruppenummer: 11
Andre medlemmer i 428, 444
gruppen:

Jeg godkjenner autalen om publisering av oppgaven min *

Ja



MASTEROPPGÅVE

Ein kartleggingsstudie av kvinner i Robson
gruppe 2a

Robson group 2a – A survey

Kandidatnummer: 416, 428 og 444

Master i jordmorfag

Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS)

Institutt for helse- og omsorgsvitskap

JOR508 Masteroppgåve

06.05.2019

Ord: 15 097

Forord

Å skrive denne masteroppgåva, har vore utfordrande, lærerikt og nyttig. Vi har lært mykje om faget som vi vil kunne bruke vidare i arbeidslivet. Mellom anna har vi satt oss inn i gjeldande retningslinjer og kva lovverk vi er underlagt i arbeidet som jordmor. Vi har òg lært kor utruleg viktig det er at praksis er kunnskapsbasert. Ved å skrive denne oppgåva har vi lært kor vi finn oppdatert kunnskap, og kor viktig det er med kartlegging av praksis.

Vi hadde ikkje klart å skrive denne oppgåva om det ikkje var for våre rettleiarar Gunn Terese Haukeland og Katrine Aasekjær, og vi rettar ein stor takk til dei. Vi vil òg takke avdelinga som tinga prosjektet. Prosjektgruppa med Hilde Skorve og Birte Haugland, har vore ein fantastisk ressurs, som har hjelpt oss i heile prosessen. Det har vore eit privilegium, ikkje berre at prosjektet er forankra i klinikken, men at nøkkelpersoner ved klinikken har vist eit stort engasjement og brukt mykje av si fritid på oss. Vi vil òg takke sjukehusdirektør Olav Lødemel og rådgjevar Jorun Sivertsen, som begge har vore til stor hjelp i arbeidet med prosjektplanen samt søknaden til personvernombodet.

Takk til Anna Karine Duesund Urne for skrivehjelp, språkvask og korrektur. Du gjer det ekstra kjekt å skrive på nynorsk. Og takk Språkrådet for gode tips og raske tilbakemeldingar. Innhaldet ein ønskjer å fremje vil enklare nå fram til lesaren om språket er godt, og vi har lagt mykje tid i dette arbeidet.

Til slutt vil vi takke kvarandre i mastergruppa. Det er ikkje enkelt å samarbeide på tvers av liv og kjensler. Vi har tatt vare på kvarandre, støtta kvarandre og bytta på å «dra lasset» alt etter som kven som har hatt mest å gi. Og no er vi i mål. Takk!

Forfattarane sine ulike roller i prosjektet:

Problemstilling for oppgåva vart utarbeida i samarbeid med prosjektgruppa. Alle kandidatane, i lag med prosjektgruppa, har vore med og utarbeida idé og kartleggingsskjema. Alle tre kandidatar har deltatt i datainnsamlinga og analyse av desse. Vi har rullert på å ha ansvar for dei ulike delane i oppgåva, slik at vi alle skulle få god innsikt i både bakgrunn, teoretisk rammeverk, metode, resultat og diskusjon. Oppgåva har vorte forfatta i fellesskap.

Samandrag

Tittel

Ein kartleggingsstudie av kvinner i Robson gruppe 2a

Føremål

Vi ville kartlegge kvinner i Robson-gruppe 2a som har fødd i tidsrommet 2016-2018 fordi to fødeavdelingar i same helseføretak har ulik keisarsnittfrekvens i Robson gruppe 2a.

Problemstilling

Kva karakteriserer fødselsforløpet til kvinner som induserast mellom svangerskapsveke 37 og 42? – ein kartlegging av kvinner i Robson-gruppe 2a.

Metode

Vi har kartlagt Robson-gruppe 2a på ei fødeavdeling med mindre enn 500 fødslar i året gjennom ein kvantitativ observasjonsstudie. Datainnsamlinga tar for seg heile populasjonen av Robson-gruppe 2a i perioden frå 2016 til og med 2018, som totalt utgjorde 100 kvinner.

Resultat

Fyrste induksjonsmetode har endra seg frå 2016-2018. Keisarsnittfrekvensen vart redusert frå 2016 til 2018. Når det gjeld dokumentasjon har vi funne ulik bruk av dokumentasjonssystemet Imatus Natus.

Konklusjon

Tilbakemelding til praksis om resultatar som finn at det er et fleire områder som kan vere nytige å studere vidare samt konkrete forslag til implikasjonar i praksis.

Nøkkelord: fyrstegongsfødande, induksjon, keisarsnitt

Summary

Title

Robson group 2a – A survey

Background

We wanted to survey women in Robson group 2a who have born in the period 2016-2018 because two maternity wards in the same health company have different caesarean section frequency in Robson group 2a.

Issue

What characterizes the birth for women induced to labour between pregnancy 37 and 42? - A survey of women in Robson group 2a.

Methods

We have mapped Robson group 2a at a maternity ward with less than 500 births a year through a quantitative observation study. Data collection addresses the entire population of Robson group 2a in the period from 2016 through 2018, with a total of 100 women.

Results

The first induction method has changed from 2016-2018. Caesarean section rate decreased from 2016 to 2018. Regarding documentation we have found a variation in the use of the documentation system Imatus Natus.

Conclusion

Feedback to practice on results that find that there are several areas that can be useful to study further and concrete suggestions for implications in practice.

Keywords: primiparous, nulliparous, induction, labour, cesarean

*«Du skal ha en god grunn til å slå hull i veggen om du kan velge å gå gjennom døra»
Lorentz Erland Linde, 2018*

Innholdsfortegnelse

1.0 INNLEIING	8
1.1 FØREMÅL	10
1.2 PROBLEMSTILLING	10
2.0 BAKGRUNN	11
2.1 ROBSON-GRUPPE 2A	11
2.2 INDUKSJON	12
2.2.1 <i>Indikasjon for induksjon</i>	14
2. 3 VARSLING OG TILTAK I AKTIV FØDSEL	16
2.4 KEISARSNITT	16
2.4.1 <i>Konsekvensar av keisarsnitt på kort og lang sikt</i>	18
3.0 TEORETISK REFERANSERAMMME.....	20
3.1 KVALITET I FØDSELSOMSORGA.....	20
3.2 JORDMOR SIN HELSEFREMJANDE FUNKSJON	23
4.0 METODE.....	27
4.1 KARTLEGGING AV PRAKSIS	28
4.2. INKLUSJONSKRITERIUM.....	28
4.3 DATAINNSAMLINGSMETODE	29
4.3.1 <i>Måleinstrument</i>	29
4.3.2 <i>Validitet og reliabilitet</i>	30
4.4 ANALYSE OG PRESENTASJON AV DATA	32
4.5 ETIKK.....	34
5.0 RESULTAT.....	36
5.1 FØDEKARAKTERISTIKA	37
5.2.FØDSELSSUTFALL	41
5.2.1. <i>Fødselsutfall barn</i>	44
5.4. DOKUMENTASJON I IMATUS NATUS.....	44
6.0 DISKUSJON.....	46
6.1 RESULTATDISKUSJON	46
6.1.1 <i>Fødekarakteristika</i>	46
6.1.2 <i>Fødselsutfall</i>	51
6.1.3 <i>Dokumentasjon i Imatus Natus</i>	53
6.2 METODEDISKUSJON	55
6.2.1 <i>Kartlegging av praksis</i>	55
6.2.2 <i>Inklusjonskriterium</i>	56
6.2.3 <i>Datainnsamlingsmetode</i>	56
6.2.4 <i>Måleinstrument</i>	57
6.2.5 <i>Analyse og presentasjon av data</i>	59
6.2.6 <i>Prosjektgruppa</i>	61
6.3 IMPLIKASJONAR TIL PRAKSIS.....	62
7.0 KONKLUSJON	63
8.0 REFERANSAR.....	65
VEDLEGG 1: FØDSELSINDUKSJON SKJEMA	
VEDLEGG 2: PICO-SKJEMA.....	
VEDLEGG 3: KARTLEGGINGSSKJEMA	

VEDLEGG 4: KODEBOK
VEDLEGG 5: GODKJENNING PERSONVERNOMBUDET.....

OVERSIKT OVER TABELLAR

Tabell 1: Fødseltal og keisarsnittfrekvens i Robson-gruppe 2a (Folkehelseinstituttet, 2016-2017).....	10
---	----

Tabell 2: Robsongruppe 2a (WHO, 2017b).....	11
---	----

Tabell 3: WHO sine leiande prinsipp for induksjon av fødsel (2011).	13
--	----

Resultattabell 1: Fødselsutfall fordelt på 2016, 2017 og 2018.	41
---	----

Resultattabell 2: Dokumentasjon av tiltak under fødsel.....	45
---	----

OVERSIKT OVER FIGURAR

Figur 1: Modell på kunnskapsbasert praksis (Helsebiblioteket, 2017).	21
--	----

Figur 2: WHO`s intrapartum care model (WHO, 2017a).....	25
---	----

Resultatfigur 1: Normalfordelingskurve på KMI ved fødselstart (n=97).....	37
---	----

Resultatfigur 2: Bishop-score ved oppstart induksjon (99).	38
--	----

Resultatfigur 3: Indikasjon for induksjon 2016, 2017 og 2018 (n=100).....	39
---	----

Resultatfigur 4: Fyrste induksjonsmetode fordelt på 2016, 2017 og 2018 (n=100)	40
--	----

Resultatfigur 5: Varigheit aktiv fødsel delt inn i fødselsutfall (n=87).	42
--	----

Resultatfigur 6: Indikasjon for keisarsnitt (n=29).	43
---	----

1.0 Innleiing

Verdas helseorganisasjon (WHO) seier at praksis skal vere basert på beste tilgjengelege kunnskap (Renfrew et al., 2014). Alle som yter helsehjelp, har plikt til å setje i verk tiltak som sikrar ei trygg og fagleg forsvarleg teneste. Ein føresetnad for dette er at svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg er basert på oppdatert forsking, kombinert med klinisk erfaring og prinsipp for individualisert omsorg (Helsedirektoratet, 2005, s. 19).

Kvalitets-forbettingsarbeid er eit viktig satsingsområde i det norske helsevesenet, og fødselsomsorga i Norge held eit høgt nivå sett i eit internasjonalt perspektiv (Helsedirektoratet, 2010, s. 1). Trass i dette er dei største utfordringane, både nasjonalt og globalt, å sikre rett behandling til rett tid samt å førebygge skade (Storvik, 2018; WHO, 2017a). Viktige prinsipp for dagens fødselsomsorg er demedikalisering av fødselshjelpa; redusert bruk av unødvendig teknologi for å gripe minst mogleg inn i det normale fødselsforløpet (Austin et al., 2014; ICM, 2018; Renfrew et al., 2014; WHO, 1996). Det kan vere vanskeleg å gje ein nøyaktig definisjon på kva som er ein normal fødsel. Eit prinsipp kan vere at målet er å oppnå best mogleg resultat med minst mogleg intervensionar (Chalmers, Mangiaterra & Porter, 2001). Det er mange faktorar som påverkar utfallet av fødselen, mellom anna økonomi, logistikk og kultur. Hyppige intervensionar i fødselen er vanleg i høginntektsland medan det i utviklingsland ofte vert gitt for lite fødselshjelp grunna ressursmangel (Miller et al., 2016).

Ikkje alle fødslar startar spontant og fødselen må nokre gonger, av ulike medisinske grunner, setjast i gang– eller induserast (Gülmezoglu, Crowther, Middleton & Heatley, 2012). Ved ein indusert fødsel er målsettinga framleis å fremje dei normale fysiologiske prosessane for å sikre ein vaginal fødsel (Boers et al., 2009; Gülmezoglu et al., 2012; Koopmans et al., 2009). Induksjon av fødsel krev meir overvaking og intervensionar undervegs i fødselen (Boers et al., 2009; Gülmezoglu et al., 2012; Koopmans et al., 2009). Det er usemjø i fagmiljøet angåande kor vidt induksjon påverkar keisarsnittfrekvensen. Nokre forskingsartiklar viser at førekomsten av keisarsnitt ikkje aukar blant kvinner som er indusert (Dögl, Vanký & Heimstad, 2016; Mishanina et al., 2014; Rosenstein, Cheng, Snowden, Nicholson & Caughey, 2012). Andre viser at induksjon fører til auka risiko for keisarsnitt (Mei-Dan et al., 2017; Parkes et al., 2016). Årsaka til at fødselen endar i akutt keisarsnitt kan vere til dømes truande intrauterin asfyksi eller protrahert forløp (Marsdal, 2018). Akutt keisarsnitt er forbunde med auka risiko for mor og barn, og det er ønskeleg å redusere bruken av dette tiltaket for å sikre trygge og likeverdige tenester (Miller et al., 2016; WHO, 2018a).

Internasjonalt har talet på keisarsnitt auka med nesten 50 % frå år 2000 og fram til 2015 (Boerma et al., 2018). Den auka bruken av keisarsnitt er vorte et folkehelseproblem. WHO ønsker å redusere talet på keisarsnitt som gjerast utan medisinsk indikasjon (WHO, 2018a). Ein av faktorane som påverkar fødselsutfallet, er populasjonen sine karakteristika (WHO, 2018). På landsbasis er det ulik keisarsnittfrekvens i Robson gruppe 2a (tabell 1). Denne gruppa inkluderer induserte fyrstegongsfødande. Ei avdeling har merka seg at keisarsnitt-frekvensen er høg samanlikna med ei anna avdeling i same helseføretak. Dette er ein uønskt variasjon som er til stades trass like retningslinjer for induksjon. Avdelinga med høgast keisarsnitt-frekvens har ikkje neonatalavdeling med tilhøyrande barnelege ved sjukehuset. I tabell 1 har vi presentert fødselstall og keisarsnittfrekvens i Robson-gruppe 2a på landsbasis. Fyrste kolonne viser fødselstal og andre kolonne viser keisarsnittfrekvensen i Robson-gruppe 2a presentert i frekvens og prosent (Folkehelseinstituttet, 2016-2017).

	Flekkefjord	Stord	Voss	Molde	Volda	Kongsvinger	Bergen	Stavanger	Akershus	Norge
Tal fødslar	414	473	432	469	510	377	4888	4616	798	56 545
n(%)	10 (24,4)	10 (18,5)	20 (32,3)	32 (36,4)	13 (36,4)	12 (20,7)	156 (21,2)	146 (18,5)	162 (20,6)	2120 (22,4)

Tabell 1: Fødseltal og keisarsnittfrekvens i Robson-gruppe 2a (Folkehelseinstituttet, 2016-2017).

Ei kartlegging av denne fødepopulasjonen ved avdelinga kan gi viktig informasjon til praksis i deira arbeid med å redusere keisarsnittfrekvensen, og avdelinga vil kunne avdekke om dagens praksis følgjer tilrådingar for praksis. Dette vil vidare gjere det mogleg for avdelinga å setje i verk arbeid eller tiltak for å betre kvaliteten på praksis (Ivers et al., 2012). Prosjektet er forankra i klinikken ved den aktuelle avdelinga som har høgast førekost av keisarsnitt. Klinikken ønskte at vi i samarbeid med to gynækologar ved sjukehuset, skulle gjennomføre ei kartlegging av kvinner i Robson-gruppe 2a som har fødd på sjukehuset i 2016, 2017 og 2018. Gjennom ei slik kartlegging har vi sett på kva som er karakteristisk for alle fyrstegongsfødande kvinner som vert indusert og som føder spontant eller operativt ved avdelinga (Laake, 2007, s. 42).

1.1 Føremål

Vi vil kartlegge kvinner i Robson-gruppe 2a som har fødd i tidsrommet 2016-2018. Denne gruppa består av fyrstegongsfødande kvinner som vert indusert mellom veke 37 og 42 med eitt foster i hovudleie (WHO, 2017b).

1.2 Problemstilling

Kva karakteriserer fødselsforløpet til kvinner som induserast mellom svangerskapsveke 37 og 42? – ein kartlegging av kvinner i Robson-gruppe 2a.

2.0 Bakgrunn

2.1 Robson-gruppe 2a

Robson-gruppene delar alle fødsler inn i grupper frå ein til ti, der vår kartlegging ser på Robson-gruppe 2a (tabell 2). Inndelinga i Robson-grupper vert basert på fem parameter; obstetrisk historie (paritet og tidlegare keisarsnitt), fødselsstart (spontan, indusert, keisarsnitt), presentasjon, tal på foster og gestasjonsalder. På denne måten kan kvar kvinne klassifiserast (Vogel, Betrán & Gürmezoglu, 2015). Dei ti gruppene er gjensidig ekskluderande og kan nyttast prospektivt. Dette då kvar kvinne kan klassifiserast på bakgrunn av nokre få variablar som vert registrert ved alle fødsler (Vogel et al., 2015). Eit slikt system gjer det mogleg for kvar avdeling å evaluere og kvalitetssikre si behandling, og dessutan å samanlikne institusjonar og land, då klassifiseringa er standardisert globalt (Robson, 2015; Vogel et al., 2015). For å sikre god kvalitet i praksis er det viktig å kunne samle data frå standardiserte klassifiseringssystem, og inndeling i Robson-grupper legg til rette for dette (Robson, 2015). Robson-klassifikasjonen blir ofte brukt for å analysere bruk av keisarsnitt. Han vart òg brukt i WHO sin globale undersøking angående maternell og perinatal helse. Det er vist at bruken av denne klassifiseringa kan betre kvaliteten på helsearbeid innan obstetrikk (Pyykönen et al., 2017; Vogel et al., 2015).

Gruppe 2a: Paritet = 0, enkeltfødsel, hovudleie, svangerskapslengde ≥ 37 veker, fødselsstart: induksjon.

Tabell 2: Robsongruppe 2a (WHO, 2017b).

2.2 Induksjon

Då populasjon vår består av induserte fyrstegongsfødande, vil vi greie ut om fødselsinduksjon. Dette omgrepet refererer teknikkar som stimulerer uterus til å kontrahere før fødseleks naturlege start (W. Grobman, Lockwood, 2019). Fødselsinduksjon er ei kunstig igangsetting av vaginal fødsel som involverer bruk av prostaglandiner, amniotomi, intravenøs oxytocin, eller ein kombinasjon av desse (Salvesen, 2017; World Health Organization, 2011). Rettleiaren i fødselshjelp «*Cervixmodning/induksjon av fødsel*» viser òg til bruk av foleykateter (transcervikalt) som ein effektiv og mjuk induksjonsmetode (Oppegaard, 2017). I høginntektsland vert 20 %–25 % av alle fødslar indusert (Ivars et al., 2016; World Health Organization, 2011). Land med mykje ressursar har ein større førekommst av inngripen og bruk av medisinar i fødsel (Miller et al., 2016). I Norge i 2017 vart 22,7 % av alle fødsler induserte (MFR, 2018).

Ein hovudregel er at ein fødsel bør induserast der ein reknar med at fordelane for både mor og barn er større enn risikoen ved å halde fram i svangerskapet (Marshall, Raynor & Myles, 2014, s. 421; Oppegaard, 2017). Formålet med induksjon av fødsel er å sikre mor og barn si helse på kort og lang sikt (Gülmezoglu et al., 2012; Keag, Norman & Stock, 2018). Kva som er beste tidspunkt for igangsetting av fødsel, og for å sikre best utfall for mor og barn, varierer, og er avhengig av helsa til både mor og barn (Boers et al., 2009; Gülmezoglu et al., 2012; Koopmans et al., 2009).

World Health Organization (2011) har utarbeida ei retningslinje kor med sju hovudprinsipp for induksjon av fødsel (tabell 3).

Leiande prinsipp for induksjon av fødsel	
1	Induksjon av fødsel skal berre finne stad der det er ein klar medisinsk indikasjon for induksjon, og der dei forventa positive utfalla er større enn potensielle negative utfall.
2	Avhengig av situasjon må ein ta omsyn til kvar kvinne sine ønsker, sett i lag med modning av cervix, induksjonsmetode, paritet og vatnavigang.
3	Induksjon av fødsel skal gjerast med varsemd då prosedyren fører med seg risiko for hyperstimulering av livmor, livmor-ruptur og føltalt stress.
4	Det skal til ei kvar tid vere mogleg for fødeeinga å vurdere mor og barn si helse under induksjonen.
5	Kvinner som stimulerast med oxytocin, misoprostol eller andre prostaglandiner skal ha kontinuerleg tilvære av jordmor eller anna obstetrisk personell.
6	Mislukka induksjon av fødsel er ikkje ein indikasjon for keisarsnitt.
7	Der det er mogleg bør induksjon finne stad ved ei eining som kan gjennomføre keisarsnitt.

Tabell 3: WHO sine leiande prinsipp for induksjon av fødsel (2011).

2.2.1 Indikasjon for induksjon

Kva som er beste tidspunkt for igangsetting av fødsel, og for å sikre best utfall for mor og barn, varierer og avheng av både mor og barn si helse (Boers et al., 2009; Gulmezoglu et al., 2006; Koopmans et al., 2009). Risikoien for å halde fram i svangerskapet samanlikna med å starte fødselen er i hovudsak påverka av gestasjonsalder og kor alvorlig ein eventuell sjukdomstilstand er hjå mor og/eller barn (Grobman et al., 2019). Døme på vanlege indikasjoner for induksjon er; overtidig svangerskap (GA meir enn 41 veker), langvarig vatnvgang (PROM), pre-eklampsia, diabetes, svangerskapsdiabetes, føtal vekstretardasjon (IUGR) og oligohydramnion (Grobman et al., 2019). Fødselen kan òg bli indusert etter kvenna sitt eige ønske, sjølv om NICE rår til å ta slike omsyn berre i spesielle tilfeller (Rimmer, 2014; NICE 2011).

Overtidig svangerskap er definert som pågående svangerskap etter 294 dager (Marshall et al., 2014; Salvesen, 2017). Internasjonalt er forekomsten på overtidige svangerskap mellom 5 % og 10 % (NICE, 2008). I Norge var forekomsten av overtidige svangerskap 8,5% kor forekomsten vart meir enn halvert til 3,6% i 2014. Ei årsak til nedgangen er at Helsedirektoratet innførte nye retningslinjer for overtidige svangerskap, og at fleire kvinner blir indusert til fødselsstart (Salvesen, 2017). Risikofaktorar for overtid er fyrstegongsfødsel, guttefoster, overvekt (KMI >30), høg alder (>35) og etnisitet (Norwitz, 2019). Overtidig svangerskap er ein av dei vanlegaste indikasjonane for induksjon av fødsel (Rimmer, 2014). Då fosteret har meir tid til å vekse intrauterint, har overtidige svangerskap høgare førekommst av makrosomi ($\geq 4500\text{g}$). Makrosomi vil igjen auke risikoien for forlenga fødselsforløp, keisarsnitt, operativ forløysing og skulderdystosi (Norwitz, 2019).

Mekanismen for cervixmodning er ikke kjent (Oppegaard, 2017). Tidspunkt og metode for induksjon er basert på kor moden livmorhalsen er. Bishop-score er det mest brukte verktøyet for å vurdere modningsgrad av cervix og vidare vurdere induksjonsmetode (Blix, 2017b; Oppegaard, 2017). Bishop-score vurderer kor moden cervix er ut ifrå fem komponentar; lengde, konsistens, posisjon og dilatasjon samt kor i bekkenet den leiande delen av fosteret ligg (Ivars et al., 2016). Kvart av desse elementa kan gi frå null til tre poeng (Marshall et al., 2014, s. 422). Ein poengsum på åtte eller meir aukar sjansen for vaginal fødsel (Gulmezoglu et al., 2006; NICE, 2008). Basert på Bishop-score bestemmer ein kva metode ein vil nytte for å setje i gang fødselen. Ei vurdering med bishop inkluderer ikkje paritet, men det vert tilrådd å

skilje mellom fyrstegongsfødande og fleirgongsfødande når ein vel induksjonsmetode basert på Bishop-score (Ivers et al., 2012; Oppegaard, 2017), (vedlegg 1).

Foleykateter blir brukt ved umoden cervix med ein bishop-score mindre enn 5, og skal seponerast etter 24 timer dersom det ikkje har falle ut av seg sjølv. Nokre kvinner vil gå i fødsel etter kateterinnlegginga, medan nokre vil trenge vidare stimulering. Modning av cervix med kateter har blitt meir brukt dei siste åra. Randomiserte kliniske studiar som samanlikner kateter med prostaglandiner (cytotec), viser at kateter er like effektivt som prostaglandiner til å indusere fødsel (Oppegaard, 2017). Induksjon med kateter har fleire tilleggsfordelar, fordi denne metoden gir lågare risiko for hyperstimulering av uterus og lågare risiko for mekoniumavgang frå fosteret. Kvinner treng ikkje nødvendigvis innlegging på sjukehus og/eller overvaking av fosteret. Der fostervatnet går, men kvinna ikkje får rier, vil ein stimulere vidare med oxytocin. Der kvinna ikkje får verken avgang av fostervatnet eller rier vil ein bestemme vidare induksjon basert på Bishop-score. Ved Bishop-score på meir eller lik 8 vil ein gjere amniotomi, og ved bishop mindre enn eller lik 7 vil ein indusere med cytotec kvar 4. - 6. time (Sun, 2018).

Nokre forskingsresultat viser at induserte fødslar er meir smertefulle, og at kvinnene difor oftare ønsker epiduralanestesi (NICE, 2008; World Health Organization, 2011). Den vanlegegaste årsaka til operativ forløysing hjå fyrstegongsfødande kvinner er langsam framgang i fødsel og truande asfyksi. Bruk av epidural som smertelindring i fødsel har vist seg å redusere framgang i fødsel og auke risikoen for instrumentell forløysing av barnet (Costley & East, 2012). Induserte kvinner skal Ifølgje WHO sine leiande prinsipp for induksjon ha kontinuerleg tilvære av jordmor i fødsel. Kontinuerleg tilvære av jordmor har òg vist seg å redusere bruk av EDA og igjen redusere risiko for keisarsnitt (Bohren, Hofmeyr, Sakala, Fukuzawa & Cuthbert, 2017; Hodnett, Gates, Hofmeyr & Sakala, 2003). Kva slags smertelindring kvinna har fått, og indikasjon for keisarsnitt, var då viktige variablar når vi skulle kartlegge desse kvinnene.

2. 3 Varsling og tiltak i aktiv fødsel

Partogrammet vart introdusert i 1987 for å forbetra fødselshjelpa og redusere maternell og perinatal dødelegheit (World Health Organization Maternal & Safe Motherhood, 1994). Når kvinna er i aktiv fødsel, skal ein ifølgje nasjonale retningslinjer aktivere varsel- og tiltakslinja i Natus. Dette gjeld både ved spontan fødselsstart og induksjonar (Oppegaard, 2017).

Varsellinja indikerer at mormunnen skal opne seg med minst ein centimeter i timen, og når tiltakslinja kryssast varslar dette langsam framgang i fødselen. Dette vil vidare bestemme kva tiltak ein skal gjere i fødselen (World Health Organization, 2014). Partogrammet er eit nyttig verktøy for å auke kvaliteten på observasjonar av mor og foster i fødselen, og bruk av partogrammet kan gjere at ein tidleg identifiserer problem undervegs i fødselen. Dette har igjen ei rekke positive utfall for fødselen; redusert risiko for langsam framgang, keisarsnitt og perinatal dødelegheit (Vlachos et al., 2015).

Det er fagleg usemje om kor lenge ein normal fødsel skal vare, men dei fleste følgjer Emanuel Friedman sine kriterium frå 1950; I ein normal fødsel skal cervix opne seg minst ein centimeter i timen frå tre til fire centimeter opning (Blix, 2017b; Ehsanipoor, 2019). Ein definisjon på langsam framgang, eller protrahert forløp, er at cervix opnar seg mindre enn ein centimeter per time i fødselens første stadium (Brunstad, 2017). Langsam framgang i fødsel kan skuldast ineffektive rier, feilinnstillingar, mishøve i mor sitt bekken, fosterets storleik eller ein kombinasjon av desse. Det vanlegaste er at riene vert svekka (Brunstad, 2017).

Langsam framgang er oftast eit problem hjå fyrstegongsfødande (Norsk gynekologisk forening, 2014). Stimulering med oxytocin er aktuelt om ein mistenker ineffektive rier, men er kontraindisert ved mekanisk misforhold. Det er difor viktig å gjere ei klinisk undersøking av den fødande når fødselen går langsamt for å finne ut kor fosteret står i bekkenet (Brunstad, 2017). I vår kartlegging ser vi mellom anna på om varsel- og tiltakslinja har vore aktivert, årsak til keisarsnitt og kor vidt fosterets presentasjon i bekkenet er dokumentert. Vi har også kartlagt mjuke tiltak i fødsel som er med på å førebygge langsam framgang.

2.4 Keisarsnitt

I eit globalt perspektiv har talet på keisarsnitt hatt ein auke på nesten 50 % dei siste tjue åra (Boerma et al., 2018). I 1985 uttalte WHO at keisarsnittfrekvensen ikkje skulle gå over 10–15

%, o (Marshall et al., 2014, s. 463). Likevel har keisarsnittfrekvensen, spesielt i høginnakteksland, hatt ein gradvis auke dei tre siste tiåra (Miller et al., 2016; Vogel et al., 2015). Denne trenden har ikkje vorte etterfølgt av ein signifikant betring i verken maternell eller perinatal helse, og ny forsking viser at auken i talet på keisarsnitt kan vere assosiert med eit auke i maternell og perinatal dødelighet (WHO, 2018a). Den gradvise auken i talet på keisarsnitt er vorte et folkehelseproblem, og WHO utforma hausten 2018 nye retningslinjer med anbefalingar for å redusere unødige keisarsnitt (WHO, 2018a). Kvart år vert om lag 9500 barn forløyste med keisarsnitt i Norge. Det svarer til eitt av seks barn (Salvesen, 2017). Når det gjeld fyrstegongsfødande, er det den gruppa med høgast keisarsnittfrekvens (Vogel et al., 2015). I ein studie frå dei nordiske landa viser at den totale keisarsnittfrekvensen i desse landa kunne forklaast med ein auke i keisarsnitt hjå induserte fyrstegongsfødande (Robson-gruppe 2a) og kvinner som tidlegare hadde født ved hjelp av keisarsnitt (Robson-gruppe 5) (Pyykönen et al., 2017). Same studie fann òg eit signifikant auke i fyrstegongsfødande som vart indusert til fødselsstart, men studien kunne ikkje kunne seie noko om det var ein samanhengen med det totale auke i talet på keisarsnitt (Pyykönen et al., 2017).

At talet på keisarsnitt er høgt, har truleg fleire årsaker. Ei medikalisering av fødselshjelpa kan auke sannsynet for operativ forløysing. Auken skuldast òg truleg at fleire føder tvillingar, kvinner får barn i høgare alder, og fleire kvinner ønskjer keisarsnitt (Salvesen, 2017; WHO, 2018). Det er diskutert om auken i talet på keisarsnitt skuldast ein auke i keisarsnitt utan medisinsk årsak, noko som kan utgjere ein unødig risiko for mor og barn (Boerma et al., 2018; Souza et al., 2016). Ei demedikalisering av fødselshjelpa og ein reduksjon av unødig og avansert bruk av teknologi, kan vere med på å sikre rett behandling til rett tid (Chalmers et al., 2001; Renfrew et al., 2014). Det er ei felles forståing i leiiande fagmiljø, som til dømes Federation of Gynecology and Obstetrics (FIGO), National Institute for Health and Care Excellence (NICE) og International Confederation of Midwives (ICM), om at ein må setje i verk tiltak for å få ned keisarsnittfrekvensen (Visser et al., 2018). Ein av grunnane til at vi valde å studere dette emnet, er at avdelinga ville kartlegge denne gruppa, med tanke på å finne ut om talet på keisarsnitt kan reduserast.

Occput posterior er den mest vanlege malposisjonen i fødsel, og det er ein viktig faktor då han er vidare assosiert med uønskte fødselsforløp og -utfall (Argani, 2019; Marshall et al., 2014,

s. 436). Forekomsten av occput posterior varierar med kor tid i fødselen ein diagnostiserer det; før fødselen ligg 15-20 % av alle foster i ein occput posterior posisjon der berre 5 % er occput posterior ved fødsel. Grynnen er at dei fleste foster roterer naturleg tilbake i ein occiput anterior (Argani, 2019). Risikofaktorar for occput posterior er mellom anna fyrstegongsfødande, maternell alder meir enn 35 år, overvekt ($KMI > 30$), ikkje-vestleg bakgrunn, gestasjonsalder ≥ 41 veker, fødselsvekt $\geq 4000\text{g}$ og EDA (Argani, 2019). Occput posterior kan resultere i protrahert forløp stadium 1 og 2 (opningsfase og trykkefase), og samanlikna med occput anterior var det i ein systematisk oversikt funne ein dobling i talet på operative forløysinger og ein tredobling i talet på keisarsnitt hjå fyrstegongsfødande (Argani, 2019).

2.4.1 Konsekvensar av keisarsnitt på kort og lang sikt

Som ved alle operative inngrep, er keisarsnitt assosiert med ein risiko; både på kort og lang sikt (WHO, 2018). Ein skil mellom konsekvensar hjå mor og barn, kor det vidare er ei rekke uønskte følgjer av keisarsnitt som aukar maternell og perinatal dødeligheit (Sandall et al., 2018). På kort sikt aukar keisarsnitt aukar for at mor treng blodtransfusjon, for komplikasjonar med anestesien, skade på andre organ, infeksjonar, tromboemboliske sjukdommar og respiratoriske problem hjå det nyfødde bornet (WHO, 2018). Om kvenna gjennomgår eit keisarsnitt, har ho på lang sikt høgare risiko for hysterektomi, unormal placentering, graviditet utanfor livmora, uterus-ruptur, dødfødsel og seinare prematur fødsel (Mylonas & Friese, 2015; Sandall et al., 2018). Unormal placentering er òg relatert til seinare infertilitet og/eller risikosvangerskap knytt til placenta previa, placenta accreta eller placentaruptur (Keag et al., 2018; Sandall et al., 2018). Kvenna har i tillegg høgare risiko for blødning og adheranser i bekkenet (Sandall et al., 2018). Samanlikna med vaginal fødsel er det mindre risiko for seinare urininkontinens og/eller prolaps av bekkenorgan ved keisarsnitt (Keag et al., 2018). Risikoene for desse komplikasjonane aukar med talet på keisarsnitt kvenna har fått utført tidlegare (WHO, 2018).

Barn som er fødde ved hjelp av keisarsnitt har høgare risiko for astma fram til fylte 12 år, og overvekt fram til fylte fem år (Keag et al., 2018). Enkeltstudium har funne ein samanheng mellom keisarsnitt og metabolske syndrom som overvekt, forhøga blodtrykk, diabetes type 1, astma, immunrelaterte tilstandar og autoimmune abdominale sjukdommar i barndommen (Sandall et al., 2018). Sjølv om studien har nokre metodologiske svakheiter, peiker dei alle i retning av at det er fleire uønskte utfall ved keisarsnitt enn ved vaginal fødsel. Dette

samsvarar òg med leiande fagmiljø si tilråding om å setje i verk tiltak for å redusere talet på keisarsnitt og prinsippet om ein demedikalisering av fødselshjelpa (WHO, 2018; Renfrew et al, 2014; ICM, 2018; NICE, 2014).

3.0 Teoretisk referanseramme

3.1 Kvalitet i fødselsomsorga

I nasjonal strategi for kvalitetsforbetring i sosial- og helsetenesta er kvalitet knytt til fleire element; i kva grad helsetenester er verknadsfulle, trygge og sikre, samordna og prega av kontinuitet, involverer brukaren og utnyttar ressursar på ein god måte (Helsedirektoratet, 2005). Kvalitet og pasienttryggleik skal vere eit leiande prinsipp for alle tenester som yt helsehjelp, og gjennom kvalitet skal ein sikre trygge og likeverdige tenester (WHO, 2017a). Gjennom ein kvalitetsforbetrande prosess vil ein arbeide systematisk for å identifisere potensielle og faktiske kvalitetssvikt, og på bakgrunn av dette setje i verk tiltak for forbetring av helsetenesta (Powel, 2009).

Helse- og omsorgsdepartementet har slått fast at helsetenestene skal vere kunnskapsbaserte (Figur 1). Kravet til ei forsvarleg teneste er i dag plassert i spesialisthelsetenestelova §2-2: «Helsetjenester som tilbys eller ytes i henhold til denne loven, skal være forsvarlige» (Spesialisthelsetjenesteloven, 2001§2-2). Ifølgje helsepersonellova er det òg eit krav som seier at «virksomhet som yter helsehjelp, skal organiseres til at helsepersonellet vert i stand til å overholde sine lovpålagte plikter» (Helsepersonelloven, 1999§16). I kraft av å utøve jordmortenester er ein då underlagt begge desse lovverka. Ein viktig føresetnad for at jordmor kan gjere eit forsvarleg og lovpålagt arbeid, er at svangerskaps-, fødsels- og barselsomsorga bygger på forskingsbasert kunnskap kombinert med prinsipp for individualisert omsorg og jordmor sin eigen kunnskap (Helsedirektoratet, 2005; Figur 1).

Ein kunnskapsbasert praksis vil slik vere kjernen i eit kvalitetsforbetringsarbeid (Helsedirektoratet, 2014). For å sikre og oppretthalde ei teneste av god kvalitet i eit fagfelt med rask utvikling og stadig ny kunnskap og teknologi, er det nødvendig med evaluering og kartlegging av praksis (Helsedirektoratet, 2010, s. 1). For å sikre kvalitet i fødselsomsorga har vi i vår studie gått systematisk til verks for å kartlegge helsetenesta som vert gitt til mor og barn ved ei avdeling. Kartlegginga tek mellom anna utgangspunkt i dei globale retningslinjene frå WHO og ICM for korleis ein normal fødsel bør handterast. Desse retningslinjene er samanfatta i WHO sine ti prinsipp for perinatal omsorg. Omsorga skal gis med berre nødvendige inngrep og minst mogleg bruk av teknologi (ICM, 2018; WHO, 1996).



Figur 1: Modell på kunnskapsbasert praksis (Helsebiblioteket, 2017).

Den viktigaste grunne til å arbeide kunnskapsbasert, er at det fører fram til best mogleg kvalitet på behandlinga og betrar utfallet for kvinnen (B. M. O. Melnyk, Ellen Fineout 2019). Med kunnskapsbasert praksis sikrar jordmor kvaliteten på arbeidet ho utfører (Helsedirektoratet, 2005; B. M. Melnyk & Fineout-Overholt, 2015). Det har skjedd ei demokratisering av helsetenesta ved at brukarmedverknaden er tydlegare, noko som er i tråd med kunnskapsbasert praksis (Nortvedt, Jamtvedt, Graverholt, Nordheim & Reinar, 2012, s. 19). Fødekvinnen skal imøtekommast og hennar syn skal vektleggast når avgjersler vert tekne. Brukarmedverknad i fødselsomsorga er med på å styrke fødekvinnen si evne til eigenomsorg og slik bidra til å styrke dei normale prosessane innan fødselsomsorga (Renfrew et al., 2014). Når fødekvinnen er medspelar i fødselsprosessen, vil ho òg vere med på fremje eiga helse (Gammersvik, 2012, s. 18).

Erfaringsbasert kunnskap har lange tradisjonar innan jordmorfaget og slik kunnskap tileignar ein seg gjennom å praktisere faget (Helsedirektoratet, 2005; Reinar, 2017, s. 67). Slik kunnskap krev tid å utvikle og kan gjere det mogleg å ta frie, ansvarsbevisste og sjølvstendige avgjersler i arbeidet (Reinar, 2017, s. 67). Sjølv om erfaring og brukarmedverknad er to viktige element i kunnskapsbasert praksis, er det den forskingsbaserte kunnskapen som tar størst merksemd (Guyatt, Cook & Haynes, 2004). Formålet med at kunnskapsbasert praksis skal vere forskingsbasert, er å styrke grunnlaget for å ta avgjerder i helsearbeidet. Samstundes vil det gjere yrkesutøvaren bevisst på kva som er truverdige kjelder til kunnskap. Ein vil då til ein kvar tid yte helsehjelp som er basert på oppdatert forsking. Forskingsbasert kunnskap vil slik legge til rette for utarbeiding av retningslinjer, som igjen legg eit grunnlag for den kliniske praksisen i jordmorfaget (Helsedirektoratet, 2003). Formålet med retningslinjer er å ha tydelege tilrådingar slik at helsetenestene og behandlinga kan bli best mogleg (Helsedirektoratet, 2003, 2012).

Tryggleik for pasientar og medarbeidrarar er eit overordna prinsipp innanfor helsearbeid. Pasienttryggleik og kontinuerleg forbetring skal vere ein integrert del av behandling og omsorg (Helsedirektoratet, 2012; HelseVest, 2017). Kunnskapsbaserte faglege retningslinjer skal mellom anna bidra til å redusere uønskt variasjon samt fremje god kvalitet (Helsedirektoratet, 2012). Vårt arbeid søkte å kartlegge kvinnene for om mogleg å sjå tendensar som kan vere grunn til denne uønskte variasjonen i helseføretaket. Vi såg på mellom anna alder og etnisk tilhørsle, for å sjå om vi fann eit likeverdig tenestetilbod uavhengig av kven som fekk hjelp. «Skiljet mellom rettferd og likeverd i tenestetilbod går mellom likskap i mogelegheiter (tilbodslikskap) og likskap i resultat (resultatlikskap)» (Helse Vest, 2016). Prosjektet som søkte meir kunnskap om kvalitet og variasjonar står då sentralt i lag med prinsippet om likeverd (Helse Vest, 2016). Helsefremjande arbeid handlar om korleis ein legg til rette for at den enkelte skal oppleve større kontroll over eige liv og eiga helse. Ved å involvere kvinna i avgjersler styrker det moglegheita til å ta kontroll over eige helse (Gammersvik, 2012, s. 21). Ved å kartlegge ei gruppe fødekvinner vil vi legge til rette for vidare forsking og kvalitetsforbetring, som vidare kan hjelpe jordmor i arbeidet med å fremje god helse (Blåka, 2017, s. 64).

3.2 Jordmor sin helsefremjande funksjon

Det finst ikkje ei enkel tyding av kva helsefremjande arbeid inneber, då dei som arbeider med helsefremjing kan ha ulike rollar, bakgrunn og perspektiv (Gammersvik, 2012, s. 26). Verdas helseorganisasjon definerte i Ottawa-charteret helsefremjande arbeid slik:


«Helsefremjande arbeid er den prosessen som gjer den enkelte og samfunnet i stand til å betre og ivareta eiga helse» (WHO, 1986).

Ifølgje ICM (2017) er jordmor ein fagutøvar som er ansvarsbevisst og ansvarleg i sin yrkesutføring. Som jordmor er det viktig å legge til rette for gode avgjersler med utgangspunkt i kunnskapsbasert praksis (Bennett & Bennett, 2000; Guyatt et al., 2004; Helsedirektoratet, 2005). Helsefremjande arbeid fokuserer på å legge til rette for at enkeltindividet skal oppleve kontroll over eige liv og helse (Gammersvik, 2012, s. 28). Ifølgje Smith et al. (2014) som konkluderer med at det er eit fråvær av helsefremjande forsking innan fødselsomsorga. Intervensjonar innan fødselsomsorga er utarbeidd utifrå høgrisiko-svangerskap og -fødsel, og utvida til å gjelde alle svangerskap og fødslar (Smith et al., 2014). Vi har kartlagt friske kvinner som ventar friske barn, noko som kan bidra til auke i forsking på det normale fødselsforløpet (Blix, 2017a, s. 81).

Jordmorfaget er definert ut ifrå internasjonale og nasjonale retningslinjer. Hovudmålet er å betre kvenna og barnet si helse i global, nasjonal, lokal og individuell samanheng. Jordmortenestene skal utførast på ulike nivå og i tråd med gjeldande lovverk, forskrifter og god jordmorpraksis (Kunnskapsdepartementet, 2005). Renfrew et al. (2014) beskrev i sin artikkel at kvalitet innan fødselsomsorga handlar om tilgang til helsehjelp, fagleg kompetanse og verknadsfulle intervensjonar, der målet er å redusere mortalitet. Omsorga bør fokusere på mor og barn, og klinisk kunnskap må kombinerast med mellommenneskeleg og kulturell kompetanse (Renfrew et al., 2014).

Jordmor sine viktigaste funksjonar er nedfelt i yrkesetiske retningslinjer for jordmødre (ICM, 2018). Når det angår kunnskapsbasert praksis, er jordmor råda til å utvikle og dele kunnskap i jordmorfaget gjennom til dømes forsking og evaluering (ICM, 2018). Det at jordmor skal være utdanna og autorisert samt styrt av regulerande retningslinjer og lovverk, er assosiert med både meir effektiv utnytting av ressursar og betra utfall for mor og barn (Renfrew et al., 2014). Jordmor jobbar ut ifrå prinsipp som legg til rette for den normale fødselen, og må vere i stand til å oppdage komplikasjonar hjå mor og barn for å utføre nødvendige tiltak underveis i fødselsforløpet (Blåka, 2017, s. 61; ICM, 2017, 2018). Av dei som hjelper til i fødsel er det jordmødrene som er best kvalifiserte til å gje dei mest effektive og trygge tiltaka for å sikre maternell og neonatal helse (Hoope-Bender, 2014; Renfrew et al., 2014).

Kartleggingsstudien vår er utarbeidd med utgangspunkt i WHO sine tilrådingar som dei har illustrert i modellen «Essential physical resources» (figur 2) (WHO, 2017a). Modellen illustrerer kva som er viktig i arbeidet med svangerskap, fødsel og barsel. Som jordmor skal ein støtte og leie kvinnen gjennom desse prosessane (ICM, 2017; Kunnskapsdepartementet, 2005). Viktige komponentar innanfor jordmorverksemd i fødselsomsorga er å styrke kvinnen si evne til eigenomsorg, unngå unødvendige inngrep, og styrke dei normale prosessane innan fødselsomsorga (Renfrew et al., 2014).



Figur 2: WHO's intrapartum care model (WHO, 2017a)

Frå kvinna sitt perspektiv vil ei positiv oppleving av svangerskap og fødsel vere sterkt knytt til element som gjer opplevinga handterleg og meiningsfull, sjølv om fødselen inneber medisinske intervensionar (Smith et al., 2014). Renfrew et al. (2014) understrekar òg at mødrene sjølv rapporterer respekt, individualisert omsorg og empati som viktige faktorar i fødsel. Historisk sett er det nettopp jordmødrene som møter kvinna slik, ved å vera merksamt til stades i relasjonane med kvinna. I rettleiaren, «Et trygt føde tilbud – kvalitetskrav til fødselsomsorgen», frå 2010 kjem Helsedirektoratet med forslag til kvalitetskrav i fødselsomsorga (Helsedirektoratet, 2010; NICE, 2014). Eit av kvalitetskrava var at jordmor skal vera kontinuerleg til stades i den aktive fasen av fødselen. Ved å sette slike kvalitetskrav kan ein få indikatorar på kvaliteten i helsetenesta der ein vil sikre trygg overvaking og oppfølging av fødande kvinner (Helsedirektoratet, 2010). Ved å ha ei jordmor kontinuerleg til stades gjennom fødselen bygger ho relasjon med kvinna og slik erfarer ho kvinna sitt behov for å bli sett og høyrt. På denne måten kan jordmor støtte fødekvinna gjennom prosessane i ein fødsel (Reinar, 2017, s. 67) (figur 2).

Kvalitet er eit dynamisk omgrep, og difor er ei kontinuerleg kartlegging av praksis viktig (Norsk legeforening, 2013). Sett i saman med oppdatert forsking vert dette essensielt for å kunne fremje kvalitet og det normale fødselsforløpet (Helsedirektoratet, 2012; ICM, 2017). Kunnskapsbasert praksis står sentralt i kvalitetsforbetringssarbeid, og ved å bruke dei ulike elementa i kunnskapsbasert praksis kan vi vere med på å betre kvaliteten på jordmortenestene (Chalmers et al., 2001). Helseføretaket som har tinga prosjektet ønskjer å gå ifrå ei styring basert på uønskte hendingar til ei styring basert på ønskete resultat. Kartleggingsprosjektet er med på å betre pasienttryggleiken og vil hjelpe leiinga med å styre basert på ønskete resultat; eit styresett som fokuserer på kva som fremjar god helse (HelseVest, 2017; Hollnagel, 2014).

4.0 Metode

Vi har kartlagt Robson gruppe 2a gjennom ein kvantitativ observasjonsstudie (Polit & Beck, 2017, s. 203). Kvantitativ metode er undersøking av eit fenomen som krev presise målingar og kvantifiserbare data. Metoden involverer gjerne eit rigid og kontrollert studiedesign (Polit & Beck, 2017, s. 741). Kvantitativ metode inneheld undersøkingar og studie knytt til eit fenomen (Polit & Beck, 2017, s. 11). Med ei slik kartlegging kan vise oss tendensar samt område for forbetring som avdelinga kan arbeide vidare ut ifrå. Ein slik gjennomgang gjer det mogleg å jobbe kunnskapsbasert innan obstetrikkjen (NICE, 2002; Nortvedt et al., 2012).

I problemstillinga vår er vi ute etter kva som karakteriserer kvinnene i Robson gruppe 2a. Problemstillinga er presist utforma med utgangspunkt i PICO-modellen (vedlegg 2). PICO modellen blir gjerne brukt i trinn to i kunnskapsbasert praksis og er med på å bestemme metoden til studien (UIO, 2015, s. 5). Vi har forkorta modellen til PIO ettersom vi ikkje skal samanlikna tiltak gruppa blir utsett for. P – står for populasjon; populasjon vi kartla var Robson-gruppe 2a. I-står for intervasjon; populasjon vår vart induserte. O-står for utfall; karakteristika for fødselsforløpet.

Vi har kartlagt ein liten populasjon, og kan difor ikkje generalisere funna til å gjelde fleire enn akkurat dei individua vi har kartlagt (Etchells, Ho & Shojania, 2016; Polit & Beck, 2017, s. 261-262). Vi har framleis kartlagt absolutt alle i populasjonen vi ønskte å sjå på. Ei mindre fødeavdeling som har under 500 fødslar i året, vil som regel ha for små populasjonar til å trekke ut statistikk på generelt nivå. Over berre tre år er det vanskeleg å vite om variasjonane mellom åra er av statistisk signifikans, eller om det er naturlege variasjonar i populasjonen. For å legge til grunn for kvalitetsforbetrande arbeid i ei slik avdeling, må ein kunne stole på tendensane ein ser, og heller følgje opp over lengre tidsperiodar for å få ein større populasjon med vidare kartlegging (Etchells et al., 2016; Polit & Beck, 2017, s. 259).

4.1 Kartlegging av praksis

Vår kartlegging tar føre seg Robson gruppe 2a på ei fødeavdeling med mindre enn 500 fødslar i året. Vi har kombinert beskrivingane av kvinnene med tid, stad og eigenskapar (Magnus & Bakkeig, 2013, s. 21). Målet var å observera kva som allereie fanst innanfor populasjonen. Kartlegginga av praksis tar føre seg beskrivingar over fordeling av hendingar (Graham, 2017, s. 261). Gjennom kartlegginga har vi beskrive fødselsforløpet til populasjonen og fordelinga av helsemessige utfall ved å beskrive førekost av eksponering i denne populasjonen (Laake, 2007, s. 42). Kartlegginga kan ikkje svare på årsaksforhold, men kan vise eit mønster innan populasjonen som vidare kan gje opphav til hypotesar eller teoriar som kan studerast vidare (Magnus & Bakkeig, 2013, s. 22; Graham, 2017, s.258). Avdelinga som er kartlagt kan basert på resultata sjå moglege forbettingsområde i praksis, planlegge behovet for vidare helsehjelp og setje i verk aktuelle tiltak for å gjere praksis betre. (Magnus & Bakkeig, 2013, s. 21).

4.2. Inklusjonskriterium

I prosessen med å kartleggje praksis har vi definert inklusjonskriterium. Kartlegginga tar føre seg ei fødeavdeling som har færre enn 500 fødslar i året. Av heile fødepopulasjonen på denne fødeavdelinga, er utvalet som er inkludert i kartlegginga alle kvinner i Robson gruppe 2a. Ved å inkludere absolutt alle kvinnene i den ønskte populasjonen vil vi unngå seleksjonsbias (Brunstad & Tegnander, 2017, s. 85; Polit & Beck, 2017, s. 251). Kvinna skal vere frisk før svangerskapet og indusert med ein eller fleire av dei induksjonsmetodane som er beskrivne i metode for induksjon ved det aktuelle sjukehuset (Sun, 2018; World Health Organization, 2011). Vi har valt å inkludere heile populasjonen som over tre år inkluderer 100 kvinner (Folkehelseinstituttet, 2016-2017). Dette for å gje eit representativt bilde av populasjonen og skape ein nøyaktig refleksjon av praksis (Burgess, 2011).

4.3 Datainnsamlingsmetode

Ettersom dette er ein kvantitativ, ikkje-eksperimentell observasjonsstudie har vi brukt strukturert observasjon som datainnsamlingsmetode. Strukturert observasjon ser på oppførsel, handlingar og hendingar. Denne datainnsamlingsmetoden involverer formelle instrument og protokollar som spesifiserer variablar; i kva tidsperiode og korleis vi samlar informasjonen (Polit & Beck, 2017, s. 283). Journaldata inneheld informasjon om eksponering og respons utan at utvalet er blitt påverka (Laake, 2007, s. 42). Dette er ei retrospektiv datainnsamling fordi innsamling av eksponeringsdata er gjort etter at responsen har funne stad (Laake, 2007, s. 43). Ei datasamling er rekna som retrospektiv når ein inkluderer deltakarar etter at utfallsmålet er oppnådd (Magnus & Bakkeig, 2013, s. 37). Fordelen med å samle inn data etter responsen har funne stad, er at data allereie er tilgjengeleg. Dei retrospektive data reflekterer praksisen ved avdelinga (Burgess, 2011, s. 66).

4.3.1 Måleinstrument

Vi har samla data frå sjukehuset sine to dokumentasjonssystem, Imatus Natus og DIPS, ved hjelp av eit kartleggingsskjema. Eit slikt kartleggingsskjema er i metodelitteraturen referert til som måleinstrument (Polit & Beck, 2017, s. 284-285). Ved å bruke eit slikt instrument kunne vi beskrive eit fenomen frå ein tydeleg definert populasjon (Polit & Beck, 2017, s. 243). Kartleggingsskjemaet er utforma som ei sjekkliste, der vi har rubrikkar for å innhente relevante data knytt til problemstillinga. Dette instrumentet inneheld variablar som er nøye identifiserte og selekterte for å sikre at datasamlinga er effektiv samt at det vil sikre at instrumentet er valid (Burgess, 2011, s. 61). Datainnsamlinga tar for seg perioden frå 2016 til og med 2018. Vi har utarbeida kartleggingsskjemaet i samarbeid med skulens rettleiar og prosjektgruppa (vedlegg 3).

I kartleggingsprosjektet er variablane definerte ut ifrå kva som er viktige faktorar som fremjer progresjon i fødsel Ifølgje gjeldande retningslinjer (Blix, 2017b, s. 439-440; 2017c, s. 51-52; Sun, 2018). Dei målbare variablane kan seie noko om kvaliteten på det som blir målt (Helsedirektoratet, 2010). Vi ser på både kategoriske, kontinuerlege og dikotome variablar (Polit & Beck, 2017, s. 48-49). Dei omhandlar karakteristika knytt til kvinnen sitt fødselsforløp; bakgrunn, induksjon, fødsel og fødselsutfall. Detaljert liste over variablar er nedfelt i kodeboka (vedlegg 4). Alle variablane er selekterte slik at dei kan gje ein karakteristikk av kvinner i Robson gruppe 2a. Det vart på førehand gjort eit generelt søk etter allereie validerte kartleggingsskjema på temaet utan å finne eit som passa vårt studium. Gjennom møte med prosjektgruppa har vi fått eksempel på variabelliste som er tidlegare brukt i kartleggingsstudie omkring fødsel.

4.3.2 Validitet og reliabilitet

Ein kvantitativ studie er «valid» i den grad dei innsamla dataa tener til å svare på problemstillingen knytt til studien (Polit & Beck, 2017, s. 309). For å auke validiteten til studien vår fekk vi hjelp av både prosjektgruppa og rettleiar, som alle har lang erfaring innan faget. Vi valde då variablar ut ifrå pensumlitteratur, litteratursøk etter nyleg publisert forsking, elektronisk kvalitetshandbok for helseføretaket samt rettleiar i fødselshjelp frå norsk gynekologisk foreining. Variablane er diskuterte og justerte i samarbeid med rettleiar og prosjektgruppa. I denne prosessen vurderte vi om kartlegginga ville måle det vi ønskte å måle, og å slik sjå om kartleggingsskjemaet var gyldig. Ei slik validering ville i denne studien vise om studien er internt valid.

Validitet kan òg beskrive kor vidt kartlegginga er representativ for ein større populasjon (ekstern validitet). Vår kartlegging ser på ein liten populasjon og ikkje eit sannsynlegheitsutval frå ein større populasjon, og vi kan difor ikkje generalisere funna våre til å gjelde fleire enn akkurat dei vi undersøker (Polit & Beck, 2017, s. 309). Kartlegginga gjeld berre for denne spesifikke populasjonen og kan ikkje implementerast i andre helseføretak (Etchells et al., 2016). I ein observasjonsstudie er det ikkje nødvendig med ein stor populasjon for å demonstrere skilnader i behandlinga (Etchells et al., 2016). I vår studie skal vi ikkje seie noko om årsaksforhold, men avdelinga kan bli merksame på tendensar. Når vi har ein liten populasjon, har vi få, men spesifikke observasjonar (Etchells et al., 2016). Internt valide data er viktig når ein har ein liten populasjon, fordi kvar enkelt måling vil påverke resultata (Etchells et al., 2016).

Innhaldsvalidering viser om kartleggingsskjemaet inneheld tilstrekkeleg og omfattande nok måleeieigenskap for å fange opp det vi vil måle. Det er i hovudsak tre faktorar som er relevante for innhaldsvalideringa til kartleggingsskjemaet vårt; relevans, heilskap og balanse. *Relevans* vil sei om dei individuelle variablane er relevante for temaet og problemstillinga som er skissert. Variablane er relevante for oppbygginga eller for populasjonen i problemstillinga (Polit & Beck, 2017, s. 310). Ettersom bakgrunnsvariablar er med på å kartlegge førstegongsfødande kan desse vere med på å svare på problemstillinga vår. *Heilskap* inneber at ekspertar på området er inkludert, for å kunne seie noko om det er viktige variablar som er utelatne (Polit & Beck, 2017, s. 310). Gjennom prosessen med å utforme skjemaet har vi kommunisert med ekspertgruppa og av dei fått innspel om å legge til og fjerne variablar. Dette er målepunkt som kan gje svar til problemstillinga. *Balanse* vil sei at skjemaet er bygd opp på ein balansert måte i forhold til at det inneholder ulike delar og at spørsmåla har ulike svaralternativ (Polit & Beck, 2017, s. 310). Her har vi fått innspel frå ekspertgruppa om å gjere det mogleg å registrere manglande informasjon – altså om hendingar ikkje dokumenterte. Ein kronologisk og logisk oppbygging av skjemaet er òg prioritert slik at ein skal unngå å måtte gå fram og tilbake i tid i journalen når ein skal plotte data (Polit & Beck, 2017, s. 309).

Ettersom vi laga eit eige kartleggingsskjema, måtte vi teste og justere skjemaet før vi kunne starte datainnsamlinga (Polit & Beck, 2017, s. 161). Ein slik prosess vart gjort gjennom ein inter-rater reliabilitetstest. Vi var tre observatørar som uavhengig av kvarandre brukte skjemaet for å score dei same journalane, i alt ti journalar (Polit & Beck, 2017, s. 303). Deretter samanlikna vi scoringa av skjema for å kunne bekrefte eit samanfall i tolking av skjemaet (Polit & Beck, 2017, s. 305). Denne reliabilitetstesten kunne då seie i kva grad gjentekne målingar under identiske forhold ville gje dei same resultata, og dermed i kva grad dei kunne reproduserast (Polit & Beck, 2017, s. 304-305). Ein slik test ville òg redusere risikoen for informasjonsbias samt auke reliabiliteten til kartleggingsskjemaet vårt, noko som vil gjere at ein kan stole på resultata i større grad (Polit & Beck, 2017, s. 303).

4.4 Analyse og presentasjon av data

Kartleggingsskjemaet som er brukt til datasamlinga vart utforma slik at vi kunne samle rådata frå journalsystemet Imatus Natus. Deretter plotta vi rådata frå kartleggingsskjemaet inn i ei excel-fil. Vi hadde på førehand laga kodebok (vedlegg 4), slik at kodinga av rådata i excel ikkje skulle vere avhengig av enkeltpersonar (Polit & Beck, 2017, s. 426-430). Kodeboka inneholder kategoriske og kontinuerlege variablar inndelte i målenivå. Når variablane var koda og plotta i excel, vart dei overført til statistikkprogrammet "IBM SPSS Statistics" (SPSS). I SPSS har vi utført deskriptive analysar for å kunne beskrive og systematisere resultata. Deskriptiv statistikk brukast for å organisere, tolke og kommunisere numerisk informasjon. Dei ulike variablane er inndelte i målenivå, som igjen seier noko om korleis vi utførte analysane (Polit & Beck, 2017, s. 356).

Dei kategoriske variablane, òg kalla nominale variablar, har ulike nummer til ulike kategoriar innanfor ein variabel. Eitt døme er indikasjon for keisarsnitt som har tre kategoriar; 1 = truande asfyxi, 2 = protrahert forløp stadium 1 og 3 = protrahert forløp stadium 2. Nummera gitt til kvar kategori i kvar variabel har ikkje ei kvantitativ tyding, men er eit symbol som representerer likskap og ulikskap (Polit & Beck, 2017, s. 356). Dei kontinuerlege variablane, òg kalla numeriske variablar, gir informasjon om tre viktige element. Variablane kan seie noko om eigenskap samt intervall mellom objekt og storleik fordi dei har eit meiningsfullt nullpunkt. Til dømes er pregravid KMI ein variabel som har ein numerisk skala (Polit & Beck, 2017, s. 357). Datasettet vart vidare beskrive på best mogleg måte ved hjelp av fordelingskurvar, sentraltendens og variabilitet (Polit & Beck, 2017, s. 358).

Fordelingskurvar er ei grafisk framstilling av talet på einingar observert for kvar verdi på ein variabel (Polit & Beck, 2017, s. 358). Vi brukte frekvensfordeling for å organisere datasettet. Ved ein slik fordeling kunne vi sjå den høgaste og lågaste scoren, den mest vanlege scoren, kor den største delen av scoren låg og kor mange fødekvinne vi hadde i utvalet. Vi har beskrive det totale utvalet som $N = 100$. Vi har òg brukt histogram for å vise frekvensfordeling til dei kontinuerlege variablane grafisk (Polit & Beck, 2017, s. 359-359). Normalfordelingskurve har vi brukt for å vise om variablane våre ligg innanfor eit normalområde. Ein normalfordeling er symmetrisk, unimodal og med ein topp om lag på midten av fordelinga slik at grafen får ei klokkeform (Polit & Beck, 2017, s. 360).

Sentraltendens gir oss eit tal som best mogleg kan representera fordelinga av verdiane. Dette er fordi ein verdi som er presentert med sentraltendens, mest sannsynleg kjem frå eit sentrum av ei fordeling (Polit & Beck, 2017, s. 360). Variablane våre, som er på eit kategorisk målenivå, vart analyserte og presenterte som typetal. Typetalet er den verdien som er hyppigast i ei fordeling (Polit & Beck, 2017, s. 361). Variablar som er på eit kontinuerleg målenivå vart analyserte og presenterte som forholdstalet. Forholdstalet er summen av alle verdiane delt på talet av verdiar (Polit & Beck, 2017, s. 361). For å beskrive variablane på kontinuerleg målenivå, har vi analysert og presentert dei med variabilitet. Variabilitet uttrykker i kva grad verdiane i ei fordeling har ein vesentlig differanse. Den mest brukte måleininga for variabilitet er sentraltendens (standard deviation (SD)). Sentraltendens indikerer gjennomsnittleg mengde avvik av verdiar frå forholdstalet til ein variabel (Polit & Beck, 2017, s. 362).

4.5 Etikk

Før vi starta prosjektet var det nødvendig at vi sette oss inn i lover og reglar som regulerer forsking og forskingsetikk. Vi trengte nødvendig kompetanse, både fagleg og metodisk, for å finne dei beste tilnærmingane for å gjennomføre studien (Befring, 2014, s. 61-65; Blix, 2017a). Vi har ikkje ein melde- eller konsesjonsplikt for forsking og behandling av sensitive personopplysningar, og har difor ikkje søkt tillating frå regional etisk komité (Datatilsynet, 2017). Som ein del av prosessen med denne kartleggingstudien har vi utarbeida ein prosjektplan for å presentere oppgåva vår for personvernombodet. Denne planen starta vi å skrive våren 2018 og den vart sendt inn saman med meldeskjema til personvernombodet. Prosjektplanen er utforma i tett samarbeid med prosjektgruppa på avdelinga og rettleiar på høgskulen.

Ettersom vi har henta data frå Imatus Natus og DIPS, trengte vi dispensasjon frå teieplikta for å kunne hente inn data frå aktuell instans (Personvernombudet, 2018). Sidan dette er ein kartleggingsstudie såkte vi lokalt personvernombod for å få godkjent gjennomføring av prosjektet (ref. 2018/12246; vedlegg 5). I prosessen for å få godkjent søknaden, før vi kunne gjennomføre kartlegginga, måtte vi eliminere nokre av variablane. Dette for å bevare kvar kvinnen sin anonymitet då ein liten populasjon kan auke sannsynet for at ein kan kjenne igjen personen basert på resultata ein les. Dette sikra at vi tok vare på personvernet til kvar enkelt pasient (Laake, 2007, s. 181). Vi har òg i arbeidet med kvinnene sine journalar vore bevisste på at vi ikkje gjekk inn i fleire dokument enn det som var nødvendig for å fylle ut vårt kartleggingsskjema. Dette igjen av respekt for kvar kvinne samt for å overhalde godkjenninga vi fikk frå personvernombodet.

Helsinkidekklarasjonen som vart utforma i Verdens legeforeining i 1965 gjer greie for grunnleggande prinsipp for medisinsk forsking på menneske (World Medical, 1964). Vi har sørgt for at alt arbeid i samband med kartlegginga har gått føre seg i tråd med forskingsetikklova, og har slik tatt høgde for dei etiske normene (Forskingsetikkloven, 2017§1). Ved å overhalde helseforskinslova har sikra at vi har fremja godt og etisk forsvarleg arbeid (Helseforskningsloven, 2008§1). Ein emosjonelt involvert student kan komme til å påverke resultata meir enn ønska, og vi ville difor at saklege omsyn skulle verte prioritert framfor eigne meningar og vurderingar (Befring, 2007, s.64). Om det oppsto interessekonflikt i studieprosessen, kravde det moral frå vår side slik at vi kunne formidle resultat som ikkje var knytt til våre subjektive oppfatningar. Dette var viktig for å heile tida vere bevisst vår rolle og våre meningar, sjølv om ei personleg involvering ikkje alltid gir eit dårlegare utgangspunkt. Innan dei fleste fag finst konstruktive bidragsytalar som har ei personleg forankring i dei problemområda dei studerer (Befring, 2007, s.64). Vår bakgrunn, før vi starta arbeidet med observasjonsstudien, er som sjukepleiarar og no studentar i jordmorfag. Vi har alle tre vore tilsette som sjukepleiar samt vert i praksis innafor helseføretaket. Ein av oss har vore student og arbeidd på den aktuelle avdelinga.


Alle data som er samla er lagra på sjukehuset sin interne kvalitetsserver. Data inneheld ikkje personidentifiserbare opplysningar. Dette er for å sikre ivaretaking av personvernet til kvar enkelt pasient. Data er henta på individnivå, men blir publiserte på populasjonsnivå. Vi tar vare på personvernet ved å lagre anonyme data i ei mappe på ein lokal, godkjent kvalitetsserver (Laake, 2007, s. 181). Det er klinikken som eig data frå kartlegginga, og datasettet kan vidare brukast til internt kvalitetsforbetringar. Dei ikkje personidentifiserbare forskingsdata vil bli lagra på den interne kvalitetsserveren på det lokale sjukehuset i inntil angitt prosjektslutt i juni 2019. Det er prosjektleiar sitt ansvar å søke om å lagra data vidare, dersom dei ser det formålstenleg å nytta det til vidare forsking (Laake, 2007, s. 181).

5.0 Resultat

Gjennom denne kvantitative observasjonsstudien har vi kartlagt kvinnene i Robson-gruppe 2a, og vi vil no presentere kva som karakteriserer fødselsforløpet deira. Dei ulike resultata er delt inn i tema; fødekarakteristika og fødselsutfall. Vi vel òg å trekke fram resultat rundt dokumentasjon i Imatus Natus . Sjølv om det i utgangspunktet ikkje var ein del av kartlegginga, har vi funne stor variasjon i korleis jordmødre og gynekologar nytta dokumentasjonssystemet. Som konsekvens av dette har vi valt å presentere det som eit av tre hovudfunn. Vi vil presentere resultata gjennom figurar, tabellar og tekst (Polit & Beck, 2017, s. 356). Vi fann 105 kvinner som var registrerte som Robson gruppe 2a. Etter gjennomgang av journalane ekskluderte vi fem kvinner som var feilregistrerte. Dei hadde enten gått spontant i fødsel før induksjonsstart eller dei var fleirgongsfødande. Vi sat då att med ein populasjon på 100 kvinner fordelt på 2016, 2017 og 2018. Vi har presentert data med normalfordelingskurvar, sentraltendens og variabilitet for å gje ei relevant beskriving av karakteristika av kvinnene i Robson gruppe 2a (Polit & Beck, 2017, s.358).


5.1 Fødekarakteristika

I den fyrste resultatdelen vil vi beskrive kva som karakteriserer bakgrunnen til kvinnene i Robson-gruppe 2a. Gjennomsnittsalderen var 28,8 (SD:5,1) år, med eit aldersspenn frå 19 år til 40 år. Den største frekvensen av kvinnene låg i aldersgruppa 30-34 år, som svarar til 33 % av alle kvinnene. 77 % av kvinnene var av norsk opphav, 19 % var av vestleg opphav og 4 % var av ikkje-vestleg opphav. Pregravid KMI hadde eit gjennomsnitt på 24,8 (SD:3,8), med eit spenn frå 18,6 til 35,3. Den største frekvensen av kvinnene låg i gruppa med KMI frå 18,5 til 24,9, som svarar til 51 % av alle kvinnene. KMI ved fødselsstart hadde eit gjennomsnitt på 30,5 (SD:2,6), med eit spenn frå 22,2 til 39,9. Den største frekvensen av kvinnene låg i gruppa med KMI frå 25 til 29,9, som svarar til 39 % av alle kvinnene.




Resultatfigur 1: Normalfordelingskurve på KMI ved fødselstart ($n=97$).

Gjennomsnittleg Bishop-score ved oppstart av induksjon var 3,2 (SD: 1,8), med eit spenn frå 0 til 8. Den største frekvensen av kvinnene hadde Bishop 3. 31% (n=31) har ein bishop på 3 eller mindre.




Resultatfigur 2: Bishop-score ved oppstart induksjon (99).

Neste del av resultata handler om induksjon av fødsel; indikasjon for induksjon og kva som vart nytta som fyrste metode for induksjon. Parametrane for induksjon inkluderer alle år; 2016, 2017 og 2018. Tala frå år til år har ikkje store variasjonar, slik at sentraltendensen og variabiliteten for alle år gir ei relevant beskriving av tendens (Polit & Beck, 2017, s.358). Overtid er indikasjon på om lag halvparten av alle induksjonane, primær vatnavigang er nest vanlegast indikasjon med 21,0 % av induksjonane. Tala er presenterte i prosent.



Resultatfigur 3: Indikasjon for induksjon 2016, 2017 og 2018 (n=100).

Ved fyrste metode for induksjon har vi delt inn i 2016, 2017 og 2018. Dette er fordi vi ser ein tendens i endring i bruk av fyrste induksjonsmetode frå 2016 til 2018. Cytotec er induksjonsmetoden på over halvparten av induksjonane, foleykateter er nest vanlegast med 37,0 %. Bruk av foleykateter har hatt ein gradvis auke frå 16,7 % i 2016, 38,7 % i 2017 og 57,6 % i 2018. Parallelt har bruk av Cytotec vore redusert frå 77,7 % i 2016, 54,8 % i 2017 og 33,3 % i 2018. Amniotomi og Oxytocin-drypp er mindre enn 6 % alle år. Tala er presenterte i prosent



Resultatfigur 4: Fyrste induksjonsmetode fordelt på 2016, 2017 og 2018 (n=100).

Talet på induksjonstiltak ligg gjennomsnittleg på 3,15 induksjonstiltak. Talet på vaginale undersøkingar ligg på eit gjennomsnitt på 4,6 undersøkingar per kvinne. 41, 4 % av kvinnene er stimulerte med oxytocindrypp i løpet av induksjonsforløpet. 73, 0 % av kvinnene hadde smertelindring i form av epidural, 62,0 % av kvinnene hadde smertelindring i form av lystgass, 47, 0 % av kvinnene hadde ikkje-medikamentell smertelindring i form av badekar, dusj, steriltvannspapler, varmepose/varmeflaske og akupunktur. Fleire av kvinnene har brukt fleire former for smertelindring. 7,0 % av alle fødekvinnene hadde ikkje noko form for smertelindring.


5.2.Fødselssutfall

I den andre resultatdelen vil vi beskrive kva som karakteriserer fødselsutfallet til kvinnene. Vi har kartlagt detaljar omkring fødselsutfalla som trykketid, varigheit aktiv fødsel og indikasjon for forløysing tang, vakuum og keisarsnitt. Vi har òg beskrive fødselsutfall som handlar om barnet; presentasjon av barnet ved fødsel, apgar-score, vekt og gestasjonsalder.

Fødselsutfall	2016	2017	2018	Alle år
Spontan vaginal n(%)	20 (55,6)	15(48,4)	22(66,7)	57 (57)
Vakuum n(%)	5(13,9)	2 (6,5)	3(9,1)	10 (10)
Tang n(%)	0 (0)	3 (9,7)	1 (3)	4 (4)
Keisarsnitt n(%)	11 (30,6)	11 (35,5)	7 (21,2)	29 (29)
Utvalg	n=36	n=31	n=33	n=100


Resultattabell 1: Fødselsutfall fordelt på 2016, 2017 og 2018.

Trykketid for spontan vaginal fødsel har eit gjennomsnitt på 34 minutt (SD:20,1). Tidsspennet brer seg frå 0 minutt til 79 minutt. Varighet aktivfødsel for spontan vaginal fødsel har eit gjennomsnitt på 6,1 timer (SD:3,7). Tidsspennet brer seg frå 1 time til 17 timer. Trykketid for tang-forløysingar har eit gjennomsnitt på 61 minutt (SD:17,2). Tidsspennet brer seg frå 44 minutt til 78 minutt. Varighet aktiv fødsel på tang-forløysingar har eit gjennomsnitt på 8 timer (SD:3,9). Tidsspennet brer seg frå 4 timer til 13 timer. Trykketid for vakuum-forløysingar har eit gjennomsnitt på 53 minutt (SD:26,5). Tidsspennet brer seg frå 0 minutt til 86 minutt. Varighet aktiv fødsel vakuum-forløysing har eit gjennomsnitt på 12 timer (SD:3,4). Tidsspennet brer seg frå 8 timer til 17 timer. Varighet aktiv fødsel keisarsnitt har eit gjennomsnitt på 8,8 timer. Tidsspennet brer seg frå 0 timer til 17 timer. Figuren over aktiv fødsel viser gjennomsnitt timer aktiv fødsel fordelt på fødselsutfall. Variabelen aktiv fødsel manglar data frå tretten av journalane; fordelt mellom ti under keisarsnitt, to under spontan vaginal fødsel og ein under vakuum forløysing.



Resultatfigur 5: Varighet aktiv fødsel delt inn i fødselsutfall (n=87).

Indikasjon for vakuum-forløsing har ein fordeling med 50 % på protrahert forløp stadium 2, 40 % på grunn av truande asfyxi og 10 % av indikasjonane for vakuum-forløsing er ikkje dokumentert. Indikasjon forløsing med tang er delt 50-50 mellom «truande asfyxi» og «protrahert froløp stadium 2». Her har vi inkludert fire parameter. Indikasjon for keisarsnitt har ei fordeling med 62,1 % protrahert forløp stadium 1, 31,0 % truande asfyxi, 6,9 % protrahert forløp stadium 2. Resultatfigur 5 viser indikasjon keisarsnitt, tala er presenterte i prosent.



Resultatfigur 6: Indikasjon for keisarsnitt (n=29).

5.2.1. Fødselsutfall barn

Presentasjon av barnet ved fødsel inkluderer dokumentasjon av barnets pilsaum. 7 % av alle barna var innstilt med ein occiput posterior. Av alle keisarsnitta (n=29) hadde 17, 2 % av barna ein occiput posterior-innstilling, og 71, 4 % av desse fødslane endte med keisarsnitt-forløysing. Apgarscore etter eit minutt var i gjennomsnitt 8,5 (SD: 1,45), gjennomsnittleg apgarscore etter 5 og 10 minutt er begge over 9. Gjennomsnittleg fødselsvekt av barna var 3666 gram (SD:521,7). Gjennomsnittleg gestasjonsalder er 41 veker (SD:1,3). Aldersspennet går frå 37 veker til 42 veker.

5.4. Dokumentasjon i Imatus Natus

Ved gjennomgang av journalene har vi sett at dokumentasjonssystemet Imatus Natus vert brukt ulikt. Døme på dette er ri-frekvens og styrke og at vaginal undersøking berre vert dokumentert som kommentar i ei “snakkeboble”. Ein brukar ulike namn på Oxytocin-drypp (RO, Oxytocin, ristimulerande drypp m.m.). Fødselssvulst vert ofte dokumentert i kommentarfeltet på vaginalundersøking, sjølv om det er ein eigen rubrikk der ein kan hake av dette. På bakgrunn av dette har vi valt å presentere dokumentasjon i Imatus Natus som eit av funna i denne kartleggingsstudien.

Kartlegginga av dokumentasjonen i Imatus Natus er blitt gjort ved dikotome variablar (ja/nei). Definert aktiv fødsel er av jordmor dokumentert i 92, 7 % av alle fødslane. Varsel og tiltakslinje er dokumentert ved 73,7 % av alle fødslane. Det er dokumentert at 41, 4 % av alle kvinnene fekk klyster. Eliminasjonstiltak og mobiliseringstiltak er dokumentert i 70- og 71 % av alle fødslane. Ernæring er dokumentert i 65,5 % av alle fødslane. Rier er dokumentert i 93 % av fødslane, medan innstillingar og detaljar ved vaginale undersøkingar er dokumentert i 43 % av alle fødslane. Tala er presenterte i frekvens og prosent.

Def. aktiv fødsel jm n(%)	Varsel/tilt akslinje n(%)	Klyster n(%)	Eliminasjo n n(%)	Ernæring n(%)	Mobilisering n(%)	Rier n(%)	Innstilling ved vag.us n(%)
89 (92,7)	70 (73,7)	41 (41,4)	70 (70,0)	65 (65,5)	71 (71,0)	93(93,0)	43 (43, 0)

Resultattabell 2: Dokumentasjon av tiltak under fødsel.

I 55, 2 % av fødslane som enda med keisarsnitt er aktiv fødsel definert av jordmor samanlikna med 76, 1 % av dei vaginale fødslane (inkluderer òg tang og vakuum). 65,5 % av alle fødslane som enda med keisarsnitt har dokumentert varsel og tiltakslinje, opp mot 98,6 % av dei vaginale fødslane (inkluderer òg tang og vakuum).

6.0 Diskusjon

6.1 Resultatdiskusjon

6.1.1 Fødekarakteristika

Vi har kartlagt både pregravid KMI og KMI ved fødselsstart (resultatfigur 1). Pregravid KMI har i dei fleste journalar vore dokumentert, men KMI ved fødselens start er sjeldnare dokumentert. I samarbeid med prosjektgruppa har vi valt å ta utgangspunkt i sist målte vekt, for sjølv å rekne ut KMI basert på kvinna si høgd. Dette inneber òg ein risiko for resultatskeivheit, då det er variasjon i kva veke kvinna sist vart vega. Eit døme er at kvinna si vekt var dokumentert i veke 37+1 kor ho fødde i veke 42. KMI ved svangerskapets start var i gjennomsnitt 24,8, som er rekna som normalvektig basert på WHO sin standard (WHO, 2018b). KMI ved fødselsstart hadde eit gjennomsnitt på 30,5, der om lag ein av fem kvinner hadde ein KMI lik eller meir enn 35. Normalfordelingskurva for KMI ved fødselsstart viser at vi har ein asymmetrisk bimodal fordeling med ein negativ skeivheit (Polit & Beck, 2017, s.360). Dette betyr at vi har fleire tilfelle KMI med høge tal. Ifølgje retningslinjene ved avdelinga skal ein vurdere å sette i verk tiltak ved KMI over 35. Eitt studie viste at overvektige (pregravid KMI>30) har høgare risiko for keisarsnitt, og at av dei fyrstegongsfødande er det Robson gruppe 2a og Robson gruppe 10 som oftast ender med keisarsnitt (Tan, Tan, Tan & Ong, 2018). Dei fann òg at overvektige fyrstegongsfødande hadde seks gonger høgare risiko for keisarsnitt, og at maternell overvektig difor er ein signifikant risiko for keisarsnitt (Tan et al., 2018).

På bakgrunn av desse risikofaktorane vil vi trekke fram KMI som ein av fleire viktige faktorar for kva fødselsutfall kvinnene endar opp med. Sjølv om det er fleire årsaker til auke i talet på keisarsnitt, er det ein samanheng mellom endring i populasjonens karakteristikk; mellom anna at fleire gravide er overvektige (WHO, 2018). Det er likevel for få studiar som viser ein direkte samanheng mellom overvekt hjå den gravide og keisarsnitt, til at ein kan trekke sikre konklusjonar (Henriksen, 2014). Ein høg KMI ved fødselsstart kan påverke kva tiltak jordmor set i verk, både før og under fødsel, for å fremje den normale forløpet samt for å vere forberedt på eventuelle komplikasjonar underveis. Døme på slike tiltak er; at ein vurderer induksjon ved KMI meir eller lik 35 vurderast induksjon i løpet av fyrste veke over termindato, at det ved start av fødsel etablerast to intravenøse tilgangar, at ein vurderer tidlig EDA og at ein overvaker fødselen med kontinuerleg CTG (Henriksen, 2014).

KMI ved fødselsstart sett i kombinasjon med vektauke i svangerskapet gir mest informasjon om kvinna sitt utgangspunkt før fødselen. Svangerskapsomsorga har slik eit viktig ansvar når det gjeld å gi informasjon og rådgiving til kvinna angåande ernæring og aktivitet, som har vist at reduserer risiko for mellom anna svangeskapsdiabetes (Henriksen, 2014). Dette viser igjen til jordmor sin helsefremjande funksjon; at jordmor gir kvinna kontroll over eige liv og helse (Gammersvik, 2012, s. 28) Avdelinga, som ein del av sekundærhelsetenesta, har ikkje stor innverknad når det kjem til kvinna sin vektauke i svangerskapet. Dette då dei fleste får oppfølging i primærhelsetenesta. Det er viktig med informasjon til, og oppfølging av, dei gravide i svangerskapet. Eit samarbeid mellom instansane i helsetenesta er nødvendig for å sikre at alle arbeider kunnskapsbasert (Helsedirektoratet, 2012).

For å kartlegge kvinnene har vi mellom anna valt å sjå på Bishop-score (resultatfigur 2). På denne måten har vi fått eit bilet av kor moden cervix var ved oppstart av induksjon i kombinasjon med kva metode som er nytta ved oppstart av induksjon. Gjennomsnittleg Bishop-score ved oppstart av induksjon var 3,2. Normalfordelingskurva for Bishop-score ved oppstart av induksjon viser at vi har ein asymmetrisk modal fordeling med ei positiv skeivheit (Polit & Beck, 2017, s.360). Dette betyr at vi har fleire tilfelle Bishop-score med låge tal. Her er det viktig å ta med at ikkje alle kvinnene vi har kartlagt har vore registrerte med Bishop-score ved induksjonsstart, men med ei beskriving av cervix. Der cervix er dokumentert som umoden, eller lukka med skjededel, er Bishop-score satt til 0 etter prosjektgruppa sitt samtykke.

Ein aukar risikoen for keisarsnitt dersom ein nyttar amniotomi eller oxytocin når cervix ikkje er tilstrekkeleg moden, og det er difor viktig at ein har ei felles forståing av kva metode som skal nyttast ved ulik cervix-status (Ivars et al., 2016; Wood, Cooper & Ross, 2014). Bishop-score til populasjonen vår har flest låge scorar. Dette er viktig å trekke fram fordi studiar viser ein samanheng mellom låg Bishop-score ved oppstart induksjon og auka risiko for keisarsnitt (Yulia, Fawcett, Lilley & Ayuk, 2011). Ein poengsum på åtte eller meir aukar sjansen for vaginal fødsel (Gulmezoglu, Crowther & Middleton, 2006; NICE, 2008). Det er ikkje alltid ein kan vente med induksjon til cervix er meir moden grunna medisinske årsaker. Vi har ikkje funne forsking angåande bruk av foleykateter sett i lag med Bishop-score ved vidare induksjon med cytotec. Dette kunne vore eit spanande tema for vidare forsking, for å mogleg sjå at foleykateter som fyrste metode gir ein meir moden cervix ved oppstart av cytotec, amniotomi eller oxytocin. Og igjen å sjå om dette aukar sannsynet for ein vaginal fødsel.

Ein fødsel bør induserast der fordelane for både mor og barn er rekna å vere større enn risikoen ved å halde fram i svangerskapet (Marshall et al., 2014, s. 421; Oppegaard, 2017). Vi fann at overtid var indikasjon for over halvparten av alle induksjonane (resultatfigur 3). Middleton, Shepherd og Crowther (2018) konkluderer i sin systematiske oversikt med at induksjon av fødsel hjå overtidige kvinner etter veke 41 hindra auka mortalitet hjå nyfødde, og at induksjon av overtid ikkje fører til fleire keisarsnitt. Klare og tydelege retningslinjer for induksjon ved overtidig svangerskap kan dermed vere med på å forbetre fødselsutfallet for kvinner som vert induserte på grunn av overtid. Samstundes har ein induksjon fleire faktorar som kan påverke når det er riktig å setje i gang ein fødsel, og det er framleis uklart kva som er beste tidspunkt for indikasjon samt ved kva indikasjonar ein induksjon vil vere tenleg (Mei-Dan, Pittini, Barrett & Melamed, 2017; Parkes, Kabiri, Hants & Ezra, 2016). Norsk gynekologisk foreining sin rettleiar i fødselshjelp «Overtidig svangerskap» (2014), anbefaler induksjon basert på fostervekt, fostervatnsmengde, termin ultralyd og mor sin alder (Norsk legeforening, 2014).

Ein studie frå 2017 fann at kvinner som vart induserte grunna overtid, hypertensive lidingar (t.d. pre-eklampsia) og stort barn hadde høgare risiko for keisarsnitt. I same studie fann dei, der indikasjonen for induksjon var IUGR, at kvinna hadde lågare risiko for keisarsnitt (Mei-Dan et al., 2017). Ein annan studie fann at det hjå fyrstegongsfødande vart funne at indikasjon for induksjon signifikannt påverka risikoen for keisarsnitt (Parkes et al., 2016). Der det var fosteret sin tilstand som var grunn til indikasjonen for induksjon (IUGR, LGA, overtid, oligohydramnion), fann dei ein høgare risiko for keisarsnitt samanlikna med andre indikasjoner. Indikasjonen for keisarsnitt var i denne gruppa oftare grunna føltalt stress (Parkes et al., 2016). Kvinner som vart induserte etter veke 40+0 hadde ein signifikannt auke i risiko for keisarsnitt samanlikna med dei som vart indusert før veke 40 (Parkes et al., 2016).

Resultata våre viser at bruk av foleykateter har ein auke frå 16,7 % i 2016 til 57,6 % i 2018 (resultatfigur 4). Her har indikasjonen for induksjon primær vatnavgang òg auka, noko som tyder at auke av bruk av foleykateter er uavhengig av indikasjon for induksjon. Parallelt med auke i bruken av foleykateter er det ein redusert bruk av prostaglandiner i form av cytotec. I 2016 vart 77,8 % av kvinnene indusert med cytotec samanlikna med 33,3 % i 2018. Ifølgje leiande prinsipp for induksjon av fødsel frå WHO (2011) er eit av prinsippa at induksjonen er avhengig av kvar enkelt situasjon. Ein må difor ta omsyn til kvar kvinne sitt ønske – i kombinasjon med modning av cervix, induksjonsmetode, paritet og vatnavgang. Ifølgje retningslinjene set ein ikkje inn ballong om vatnet er gått (Sun, 2018). 21 % av alle i Robson-gruppe 2a vart indusert grunna primær vatnavgang. Den andelen vil då ikkje ha ballong som fyrste induksjonsmetode, som ein må ta i betraktning når ein les resultata.

Randomiserte studiar viser at prostaglandiner samanlikna med foleykateter vil som fyrste induksjonsmetode resultere i eit kortare induksjonsforløp, uavhengig av paritet (Edwards et al., 2014). Samstundes viser W. Grobman et al. (2018) i sin studie at risikoen for keisarsnitt aukar med lengda på latensfasen, og meir enn 40 % enda med spontan vaginal fødsel med ein latensfase på meir eller lik 18 timer. Våre resultat viser at varigheit på den aktive fødselen varierer med eit gjennomsnitt frå 6,1 timer for spontan vaginal fødsel og 8,8 timer for fødslane som enda med keisarsnitt (Resultatfigur 5). Andre studiar viser òg fordelar med foleykateter som til dømes ein redusert førekommst av tachystole (Fox et. al., 2011). Avdelinga vi har sett på følgjer retningslinjene til helseføretaket dei er tilknytta, med unntak av at dei har CTG- og ikkje STAN-overvåking. I 2016 og 2017 var det òg ulik retningslinje ved bruk av oxytocin-stimulering. Kvinneklinikken auka dryppet med 30 ml/t kvar halve time og den avdelinga vi har undersøkt auka med 15 ml/t kvart kvarter. Dette vart endra i 2018 slik at retningslinjene no samsvarer med kvarandre.

Om lag tre av fire kvinner i vår populasjon fekk EDA i løpet av fødselen. Fleire studiar viser at EDA gir ein auke i risiko for protrahert forløp og operativ forløysing (Ehsanipoor, 2019). Samstundes fann vi ein studie som viser at EDA reduserer risikoen for keisarsnitt hjå fyrstegongsfødande (Parkes et al., 2016). Induksjon gir i seg sjølv ein risiko for eit lenger fødselsforløp enn ein spontan vaginal fødsel, og stimulerte rier er kjent å vere meir smertefullt enn naturlege rier (Ehsanipoor, 2019). Nystedt, Högberg og Lundman (2005) viste i sin studie at kvinner som hadde eit forlenga fødselsforløp hadde ei negativ fødselsoppleveling. Denne gruppa hadde til felles at dei følte dei vart redda av smertelindring i fødselen (Nystedt et al., 2005). Eit høgt tal på bruk av EDA kan då vise til god fødselshjelp, som både kan redusere risiko for keisarsnitt og samstundes gi kvinna ei god fødselsoppleveling.

6.1.2 Fødselsutfall

Resultata våre viser at fødselsutfallet for kvinnene fordelt på 2016, 2017 og 2018 har endra seg (resultattabell 1). Keisarsnitt har ein reduksjon frå 30,6 % i 2016 til 21,2 % i 2018. Sjølv om vi har eit lite utval kan tala seie noko om utviklinga desse åra. Andre avdelingar med om lag like fødselstal hadde i 2017 ein keisarsnittfrekvens frå 18,5 % til 36,4 % (Folkehelseinstituttet, 2016-2017). I 1985 uttalte WHO at keisarsnittfrekvensen ikkje skulle gå over 10–15 % (Marshall et al., 2014, s. 463). Likevel har keisarsnittfrekvensen hatt ein gradvis auke dei tre siste tiåra (Miller et al., 2016; Vogel et al., 2015). På bakgrunn av dette kan vi seie at våre resultat ligg på same nivå som andre avdelingar med same fødselstal i Norge, men at vi likevel kan sjå ein reduksjon i keisarsnittfrekvensen frå 2016 til 2018. Om dette ein signifikant tendens eller tilfeldig variasjon, er vanskeleg å konkludere med ut ifrå dei få tala vi har. Det er viktig å nemne at den ideelle keisarsnittfrekvensen er ukjend. WHO legg vekt på at keisarsnitt er ein effektiv måte å redde liv til mor og barn, men berre der inngrepet har ein klar medisinsk indikasjon. Ein bør difor streve etter å utføre keisarsnitt til dei kvinner og barn som treng dette, heller enn at ein strever etter å oppnå ein spesifikk keisarsnittfrekvens (WHO, 2018). Dette då populasjonen er i kontinuerleg endring, noko som gjer det vanskeleg å definere ein gitt frekvens som vil gi best utfall for mor og barn.

Kvinnene vi har kartlagt i studien har vore knytt til ei avdeling som ikkje har tilhøyrande neonatalavdeling med barnelege. Det er viktig å sjå samanhengen mellom ein høgare keisarsnittfrekvens ved slike avdelingar då dei har andre vilkår for å behandle dårlege, nyfødde barn. Dei vil mogleg velje eit akutt keisarsnitt tidlegare i fødselen enn ved ei avdeling som har direkte tilgang på barnelege, anestesipersonell og nyfødd-intensivavdeling. Populasjonen som er inkludert i studien er heile fødepopulasjonen på den aktuelle fødeavdelinga, der kvinnene skal ha vore friske før svangerskapet. Dette fordi fødeavdelinga berre yt fødselshjelp til friske kvinner. Likevel har vi funne at det er fleire kvinner som har ein svangerskapsrelatert sjukdom som er indusert ved avdelinga.

I resultatdelen har vi valt å fokusere på indikasjon for keisarsnitt, dette er fordi avdelinga vi har kartlagt har merka seg at keisarsnittfrekvensen er høg samanlikna med ei avdeling i same helseføretak. Dette er ein uønskt variasjon som er til stades trass like retningslinjer for induksjon. Indikasjon for keisarsnitt har ein fordeling mellom 62,1 % protrahert forløp stadium 1, 31,0 % truande asfyksi og 6,9 % protrahert forløp stadium 2 (resultatfigur 6). Det må gjerast eit poeng ut av skilnaden mellom keisarsnitt gjennomført på medisinsk indikasjon, og keisarsnitt som ikkje er gjort på medisinsk grunnlag. Om keisarsnittet blir gjort som livreddande tiltak, ville konsekvensen av ein vaginal fødsel mogleg vore fatal.

Occiput posterior er den mest vanlege malpresentasjonen i fødsel som er assosiert med ein signifikant høgare risiko for operativ forsløysing og akutte keisarsnitt (Argani, 2019; Phipps et al., 2013). Resultata vi har funne i vår studie samsvarer med dette, der 71,4 % av occiput posterior-fødslane enda med keisarsnitt. Vi fann at det i 43 % av fødslane var dokumentert pilsøm og/eller fontanellar. Diagnostikk av barnet si innstilling i aktiv fødsel er viktig for å fremje den normale fødselen, og for å iverksetje nødvendige tiltak (Sun, 2018). For kvinner med protrahert forløp stadium 1 kan manuell rotasjon til occiput anterior auke sannsynet for vaginal fødsel. Dette er eit tiltak som har høg suksessrate (90 %) og inneber ein liten risiko for både mor og barn (Argani, 2019). Ei proaktiv haldning til diagnostikk av fosteret si innstilling, anten ved hjelp av ultralyd eller vaginal undersøking, vil mogleg resultere i at ein tidlegare i fødselsforløpet oppdagar feilinnstillingar. Tidleg diagnostikk kan igjen gi eit grunnlag for intervensionar undervegs som kan betre fødselsutfalla for kvinnene. Eit forslag til avdelinga er å fokusere meir på dokumentasjon av innstilling undervegs i fødselen. Der ein er usikker på funn ved vaginalundersøking kan ein med fordel nytte ultralyd for diagnostikk (Argani, 2019).

6.1.3 Dokumentasjon i Imatus Natus

Dokumentasjon i Imatus Natus var i utgangspunktet ikkje ein del av det vi kartla i dette prosjektet. Likevel fann ein stor variasjon i korleis jordmødre og gynekologar nytta dokumentasjonssystemet. Som konsekvens av dette har vi valt å presentere det som eit av tre hovudfunn. I 92,7 % av journalane har jordmor dokumentert fødselsstart og i 73,7 % av journalane er det aktivert varsel- og tiltakslinje (resultattabell 2). Partogram med varsel- og tiltakslinje vert brukt for å vurdere og observere progresjon i fødsel samt identifisere langsam framgang i fødsel (Bernitz et al., 2019). Bruk av partogram har vist seg å redusere både protraherte forløp i fødsel og akutte keisarsnitt. Særleg hjå fyrstegongsfødande har ein funne ein signifikant reduksjon i akutte keisarsnitt ved bruk av partogram (World Health Organization Maternal and Safe Motherhood, 1994). Når ein les nasjonale retningslinjer, er det ei sterk anbefaling å definere start av fødsel samt nytte WHO sin standard som seier at fødselsstart er ved 4 cm mormunnsopning og regelmessige rier. Vidare er det uklart i lokale retningslinjer kor tid fødselen starter. Som det står i dei lokale retningslinjene under «Når starter fødselen?»:

«Det er viktig å fastsette fødselens start... Dette kan være vanskelig. Som et råd anbefales tidspunktet der kvinnen opplever å ha regelmessige rier, 5- 10 min intervall som varer opp mot minutt.».

Det er ei sterk anbefaling både frå WHO og nasjonale retningslinjer at ein aktiverer varsle-og tiltakslinja ved fødselsstart (World Health Organization, 2014). Kor tid ein vel å aktivere varsle- og tiltakslinja er avgjerdande for kva tiltak ein gjer i fødsel, og ein bør difor streve etter å dokumentere dette på alle kvinner som når aktiv fødsel. Vi ser samstundes av journalane at det er ulik praksis kor tid jordmødre definerer fødselsstart, og eit forslag til tiltak her er å definere omgrepet meir tydeleg i retningslinjene basert på WHO sin standard. Eit forslag til tiltak for å auke bruken av varsle- og tiltakslinje er å observere bruken av denne internt ved avdelinga. Dette kan til dømes gjerast ved hjelp av dokumentasjon i fødeprotokollen under kvar fødsel.

I denne oppgåva har vi berre valt tre moglege indikasjonar for keisarsnitt. Etter gjennomlesing av journalar har vi funne at omgrepa mislukka induksjon, manglante framgang, forlenga opningsfase, langsam progresjon og protrahert forløp stadium 1 vert brukt ulikt og om kvarandre. Evaluering av framgang i fødselen og stadfesta protrahert forløp har stor effekt på korleis ein vel å handtere fødselen – og kor vidt ein vel å utføre akutt keisarsnitt. Dette grunna at protrahert forløp er ein av hovudindikasjonane for akutt keisarsnitt (Neal et al., 2014). Tydelegare retningslinjer på kva omgrep ein skal nytte i dei ulike tilfella, og kva som skal defineraast som protrahert forløp, er forslag til tiltak i praksis. Implikasjonar av dette kan føre til ein likare bruk av omgrepa som vidare har ein innverknad på handtering av fødselen.

6.2 Metodediskusjon

6.2.1 Kartlegging av praksis

Vi gjennomførte ein kvantitativ observasjonsstudie for å kartlegge kvinner i Robson gruppe 2a. Vi fann denne metoden tenleg for å svare på problemstillinga vår – fordi vi undersøkte eit fenomen ved hjelp av presise målingar og kvantifiserbare data. Ved eit kontrollert studiedesign kunne vi kartlegge ein allereie definert populasjon (Polit & Beck, 2017, s. 741). Kartlegginga har vist oss tendensar innan populasjonen og dermed avdekkta område for forbetring.

Ei ulempe med denne kvantitative observasjonsstudien er at vi ikkje kan skaffe informasjon om årsakssamanheng. Vi samlar data retrospektivt for å beskrive eit mønster innan populasjonen som kan gje opphav til forbetringsforslag for avdelinga. Resultata våre viser at keisarsnittfrekvensen og fyrste induksjonsmetode (resultattabell 1 og resultatfigur 3) er i endring. Om dette er ein trend som vil halde fram, treng ein meir dokumentasjon for å kunne svare på. Ei anna ulempe er at vi ved å velje eit kvantitativt studiedesign ikkje kan innhente data av kvalitativ verdi. Til dømes kor motivert eller sliten kvinnen var i forkant av og under fødselen. Dette kan påverke fødselsforløpet til kvinnene utan at det har vore mogleg å samle data om dette.

6.2.2 Inklusjonskriterium

Vi har kartlagt absolutt alle i populasjonen vi ønskte å sjå på, noko som er ein fordel. Ved å kartlegge denne gruppa vil ein få eit bilde av induserte fyrstegongsfødande og kva som karakteriserer dei. Kartlegginga vil ha ei direkte kopling til dagens praksis på avdelinga. Kvalitet innan fødselsomsorga handlar mellom anna om å fremje det som er normalt og bidra til eit mest mogleg normalt fødselsforløp. Ved å inkludere ein heil populasjon av ei gruppe unngår vi seleksjonsbias. Vi har kartlagt ein liten populasjon, og kan difor ikkje generalisere funna til å gjelde fleire enn akkurat dei individua vi har kartlagt (Etchells et al., 2016; Polit & Beck, 2017, s. 261-262). Vi har valt ikkje å gå lenger tilbake i tid enn tre år, for at data vi samlar skal gi eit mest mogleg reflektert bilde av dagens praksis. Over berre tre år er det vanskeleg å vite om variasjonane mellom åra er av statistisk signifikans, eller om det er naturlege variasjonar i populasjonen. Dette vil vi trekke fram som ei svakheit i studien. Vi kunne ha kartlagt fleire enn tre år for å få ein større populasjon. Samstundes er avgjersla om å samle åra 2016, 2017 og 2018 tatt i lag med prosjektgruppa. Vi har jobba med ein allereie eksisterande populasjon som er blitt til gjennom naturleg seleksjon, og ikkje gjennom randomisert seleksjon (Polit & Beck, 2017, s.207). Dette gir oss eit representativt bilde av populasjonen og skaper ein nøyaktig refleksjon av praksis (Burgess, 2011, s. 67).

6.2.3 Datainnsamlingsmetode

Vi har brukt strukturert observasjon som datainnsamlingsmetode. Utfordringa med denne metoden ligg i å formulere eit system som kan samle data for observasjonar (Polit & Beck, 2017, s. 283). På den andre sida er noko av fordelen med denne metoden at vi fekk tilgang til data som allereie var tilgjengeleg; journalane til kvinnene. Når vi hadde godkjenning og tilgang til journalsistema, fekk vi samla mykje data på kort tid. Vi hadde eit kartleggingsskjema som gjorde det mogleg å samle data som karakteriserer fødselsforløpet til kvinnene. På denne måten fekk vi data som kunne beskrive fordeling av hendingar innan populasjonen (Polit & Beck, 2017, s. 208). Her såg vi det som ein fordel med ein retrospektiv datasamling, fordi datasamlinga ikkje påverka populasjonen direkte. Vi nytta ein metode som samla utfall som allereie hadde funne stad. Dette gav oss eit realistisk bilde over praksisen i den tidsperioden vi studerte (Polit & Beck, 2017, s. 208).

Svakheita ved ei retrospektivt datasamling er at vi ikkje kan vere sikre på at alle data er korrekt dokumentert av jordmor og gynekolog. Manglande dokumentasjon gir ein risiko for bias i resultata. Der vi såg at vi mangla data, har det vore grunna manglande dokumentasjon undervegs i fødsel. Kvifor dei ulike variablane ikkje har vorte dokumenterte i journalane, kan vi ikkje seie med visse, men vi har likevel valt å legge vekt på dokumentasjon i resultatdelen. Ved at alle som jobbar på avdelinga har ei lik forståing av dokumentasjonssystemet, vil ein heve kvaliteten på arbeidet ved avdelinga samt gjere det lettare å kartlegge praksis. Når vi var ferdige å samle data, kunne vi ikkje gå tilbake i journalane om vi oppdaga manglande variablar. Dette sidan vi ikkje hadde godkjenning til å ha ein koplingsnøkkel mellom protokollnummer og kartleggingsskjema.

6.2.4 Måleinstrument

For å samle data frå Imatus Natus og DIPS utforma vi eit kartleggingsskjema. Det var viktig at kartleggingsskjemaet samla inn presise data for at datasamlinga skulle vere så effektiv som mogleg (Polit & Beck, 2017, s. 309). Vi har i arbeidet med dette skjemaet hatt ein tett dialog med rettleiar og prosjektgruppe. Ein styrke ved kartleggingsskjemaet er at leiar i prosjektgruppa har hjelpt oss med ein logisk oppbygging av skjemaet, sidan ho har tidlegare erfaring med utforming av liknande måleinstrument. Det har vore ein styrke for vårt studie å ha eit døme frå liknande variabelliste. Ein kronologisk og logisk oppbygging av skjemaet er prioritert, slik at vi skulle unngå å måtte gå fram og tilbake i tid i journalen når vi skulle plotte data (Polit & Beck, 2017, s. 309). Skjemaet er òg utforma på ein slik måte at kven som helst innan fagfeltet skal kunne forstå og bruke det.

Ein kan sjå på det som ei svakheit at vi ikkje har nytta eit allereie validert skjema. Men når vi ikkje fann noko skjema som var relevant for vårt prosjekt gjennom systematiske søk, ser vi på det som ein styrke å utvikle eit eige kartleggingsskjema spesifikt til vårt prosjekt. Likevel kan ikkje skjema direkte overførast og brukast på andre liknande populasjonar eller implementerast hjå andre helseføretak (Polit og Beck, 2017, s. 299; Etchells et al., 2016). Ein valideringsprosess førte til at vi kunne førebygge bias og sikre at resultata frå studien vår vil være pålitelege (Polit & Beck, 2017, s.161). Gjennom ein valideringsprosess kunne vi òg seie noko om verktøyet sin gyldigheit – altså intern validitet; om studien fangar opp det fenomenet vi vil måle. Den interne validiteten er svært viktig når ein har ein liten populasjon (Etchells et al., 2016). Validitet kan òg seie noko om kor gyldig resultata våre er – altså ekstern validitet (Polit & Beck, 2017, s. 309). Vi ser at viss vi hadde inkludert data frå fleire år kunne vi trekt konklusjonar som er så nøyaktige at vi kunne generalisere det til å gjelde ei større gruppe.

Variablane i kartleggingsskjemaet er nøyne vurderte i lag med prosjektgruppa for å vere sikker på at dei kunne vere med på å svare på problemstillinga vår. Vi har pilottesta kartleggingsskjemaet ved hjelp av ein inter-rater reliabilitetstest. Vi var tre observatørar som uavhengig av kvarandre brukte skjemaet for å score dei same journalane, i alt ti journalar (Polit & Beck, 2017, s. 303). Vi sat i lag i same rom og samla store delar av data, slik at vi kunne konferere med kvarandre dersom det dukka opp problem undervegs. Vi fann liten diskrepans i korleis vi nytta kartleggingsskjemaet, noko som gjorde at vi konkluderte med at gjentekne målingar under identiske forhold ville gje dei same resultata, og dermed kunne reproduserast (Polit & Beck, 2017, s. 304-305). Vi ser med fordel vi kunne gjennomført fleire testar for å sikre god reliabilitet, men vi vurderte inter-rater-testen god nok til å samle dei data vi ønskte. Vi ser i etterkant at det ville vore ein styrke om vi hadde testa skjemaet statistisk ved bruk av kappa-score. Cohen's kappa måler scoringane mellom oss og kor sannsynleg det er at det vi scorer likt/ulikt er tilfeldig (Polit & Beck, 2017, s.306).

6.2.5 Analyse og presentasjon av data

Skjemaet inneheld kategoriske, numeriske og dikotome variablar og er utforma for å kunne samle rådata. Vi ser i etterkant at det hadde vore ein fordel å lage skjemaet i excel og ikkje i word, då det kunne gjort datainnsamlingsprosessen meir effektiv. Skjemaet i word var utforma slik at dei dikotome og kategoriske data vart skrivne i eigen boks, medan dei numeriske data vart skrivne i tal. Vi ser på det som ein styrke av vi samla rådata først – fordi vi då kunne ta eitt steg av datainnsamlingsprosessen om gongen. Her òg var det ei ulempe at vi ikkje hadde koplingsnøkkel og dermed ikkje kunne gå tilbake i journalane dersom vi mangla data. At vi registrert data manuelt frå kartleggingsskjemaet til excel, innebar ein risiko for at vi registrerte feil eller oversåg skrivefeil.

Undervegs i prosessen har vi funne nokre manglar med kartleggingsskjemaet. Vi har ikkje med variablar som omhandlar kvinnen etter fødsel, som til dømes blødning og rift. I etterkant såg vi at vi kunne hatt dette med for å få ei meir heilsakeleg beskriving av kva som karakteriserer fødselsforløpet til Robson-gruppe 2a. Vi ser det like fullt som relevant at vi samla data om barnet, fordi dette er parameter som kan ha innverknad på fødselsforløpet og dermed fødselsutfallet (Carseldine et al., 2013). I tillegg til variablar om vekt, gestasjonsalder og apgar, har vi samla data om arteriell pH og venøs pH samt kor vidt barnet vart overført til barneklinikken. Vi valde å ikkje inkludere resultata om pH og overflytting for å bevare personvernet til desse individua, då resultata gjaldt så få individ at det ville bli vanskeleg å anonymisere dei.

Vi har sett at vi kunne hatt med fleire variablar for indikasjon for keisarsnitt, som mislukka induksjon, djup tverrstand, høg likestand og sliten mor. I tillegg ser vi at vi kunne skrive “anna” som eit alternativ. Det burde òg ha vore mogleg å registrere fleire indikasjonar for forløysing, som til dømes langsam progresjon og avvikande CTG. Vi har valt å definere mislukka induksjon der kvinnen aldri har nådd aktiv fødsel som protrahert forløp stadium 1. Dette kom vi fram til etter diskusjon med prosjektgruppa. Det manglar ein sikker definisjon på kva mislukka indikasjon inneber, noko som viser seg i form av ulik bruk av omgrep. Ein manglande definisjon fører òg med seg ein variasjon i behandlinga både mellom institusjonar og fagpersoner (Grobman et al., 2018).

I 43 % av fødslane var pilsøm og/eller fontanellar dokumentert ved vaginalundersøking. Dette gjeld både dei fødslane der dette var dokumentert ved fleire vaginalundersøkingar, og der det berre var gjort ved eitt tilfelle. Vi fann det mest tenleg å nytte dikotome variablar for å registrere dette. Det vil då være ein risiko for skeivheit i resultata sidan vi ikkje vil sjå når i fødselsforløpet dette er dokumentert og kor ofte dette er dokumentert. Vi har heller ikkje registrert om det er jordmor eller lege som har undersøkt pasienten samt om det er brukt eit ultralydapparat for å bekrefte funna. Dei data vi har samla er det opphavelig jordmødre på avdelinga som har dokumentert. Det kan være viktige faktorar som direkte påverkar resultata i datasamlinga, som ikkje kjem fram i journalane til kvinnene (Polit og Beck, 2017, s.299). Eit eksempel på dette er vurderingar av CTG som er gjort undervegs i fødselsforløpet. Vurdering av CTG som ein del av datasamlinga vurderte vi til å vere ei oppgåve som ville krevje for mykje tid i forhold til studien sin varigheit og storleik.

Kodeboka er med fordel utforma i excel, og vi ser på det som ein styrke at den inneheld variablar inndelt i målenivå. Dette er fordi det var ein god måte å systematisere variablane på før vi overførte dei til statistikk-programmet SPSS. Etter kvart som vi analyserte data har vi diskutert om vi burde inkludert fleire variablar som omhandlar dokumentasjon undervegs i fødselen som til dømes dikotome variablar (ernæring, eliminasjon og rier). Dette ville ha gjort analysen enklare og meir oversiktlig.

Vi fann det relevant å analysere datasettet på ein kort og oversiktleg måte ved hjelp av deskriptiv statistikk. Ved denne kartlegginga vil vi beskrive karakteristika og dermed organisere, tolke og kommunisere numerisk informasjon. Målenivået til variablane seier noko om korleis vi utførte analysane våre. Datasettet vart vidare beskrive på best mogleg måte ved hjelp av fordelingskurvar, sentraltendens og variabilitet (Polit & Beck, 2017, s. 358). Fordelen med fordelingskurver var at vi kunne organisere datasettet. Vi har brukt sentraltendens og variabilitet for å summere opp data. Vi har prioritert å presentere fødselsutfall og dokumentasjon i Imatus Natus som tabellar, då dette er ein oversiktleg måte å summere opp fleire variablar som kan samanliknast. KMI ved fødselsstart, bishop-score ved oppstart induksjon, indikasjon for induksjon, fyrste induksjonsmetode, varigheit aktivfødsel, indikasjon for keisarsnitt og fødselsutfall barn er presentert ved histogram, søylediagram, normalfordelingskurver og kakediagram. Fordelen med dette er at den grafiske framstillinga gjer det enkelt å summere opp resultata.

6.2.6 Prosjektgruppa

Det har vore ein styrke at vi har hatt med oss ei engasjert prosjektgruppe beståande av gynekologar frå den aktuelle avdelinga. Dei har mellom anna hjelpt oss med utforming av kartleggingsskjemaet, tilgangar til dokumentasjonssystem samt oppklaringar ved ulik bruk av faguttrykk. Dette samarbeidet har hjelpt oss å forstå avdelinga og korleis praksis fungerer der. Vi har kommunisert via telefon og e-post, noko som har gjort arbeidsprosessen effektiv. Det er òg ein fordel at den aktuelle avdelinga sjølv har tatt initiativ til kartlegginga. Den er av interesse for avdelinga, sidan funna kan vere viktige for den vidare utviklinga for å gjere praksis mest mogleg kunnskapsbasert (Polit & Beck, 2017, s.209). Det er ikkje samla inn data frå populasjonen eller gjort nokon studie på eit tidlegare tidspunkt. Denne kartlegginga av Robson-gruppe 2a var då nødvendig for eventuelt seinare arbeid. For at vi skulle hente ny kunnskap rundt dette temaet, var det viktig å starte med ei innhaldsrik beskriving av populasjonen (Polit & Beck, 2017, s.209). Avdelinga kan då forme nye hypotesar og starte arbeidet med kvalitetsforbetring ut ifrå denne observasjonsstudien, om det skulle vere nødvendig (Magnus & Bakkeiteig, 2013, s. 21).

6.3 Implikasjonar til praksis

Ut ifrå resultata har vi avdekkja eit behov for vidare kvalitetsforbetringssarbeid i avdelinga. Eitt av funna våre var ulik bruk av dokumentasjonssystemet Imatus Natus. Forslag til avdelinga er å gjennomføre internundervisning i bruk av Imatus Natus. Ei felles opplæring og eit felles grunnlag for å forstå dokumentasjonssystemet, kan gjere at fleire nyttar Imatus Natus likt.

Dette vil gjere det enklare å lese journalen når ein overtar ansvaret for kvinna og når ein elles treng informasjon frå journal samt at statistikk som blir henta ut frå Imatus Natus vil vere meir riktig. Ut ifrå helseføretaket sine retningslinjer, som baserar seg på KMI ved fødselsstart, er eit forslag til forbeting av praksis ein gjennomført dokumentasjon av KMI som òg inkluderer fersk vekt ved fødselens start samt dokumentasjon av vektauke i svangerskapet.

Vi ser som nemnt i journalane at det er ulik praksis for kor tid jordmor definerer fødselsstart og kor vidt varsel- og tiltakslinja vert aktivert. Eit forslag til tiltak her er å definere tidspunktet for fødselsstart meir tydeleg i retningslinjene basert på WHO sin standard samt diskutere dette i samanheng med undervisning, slik at ein sikrar ei lik forståing av definisjonen. Eit forslag til tiltak for å auke bruken av varsel- og tiltakslinje er å observere bruken av denne internt ved avdelinga. Dette kan ein til dømes gjere ved å dokumentere bruken av varsel- og tiltakslinje i fødeprotokollen. Eksplisitt foreslår vi at det vert fokusert meir på dokumentasjon av fosterets innstilling undervegs i fødselen. Her òg kan ein gjennomføre internundervisning på området som kan bidra til at dei tilsette føler seg tryggare i dokumentasjon av dette.

Omgrepa mislukka induksjon, manglande framgang, forlenga opningsfase, langsam progresjon og protrahert forløp stadium 1 vert brukt ulikt. Meir tydelege retningslinjer på kva omgrep ein skal nytte i dei ulike tilfella, og kva som skal defineraast som protrahert forløp, forslag til tiltak i praksis. Implikasjonar av dette kan føre til ein likare bruk av omgrepa, som vidare har ein innverknad på korleis ein vel å handtere fødselen.

WHO har i 2018 laga ein rettleiar kor dei kjem med anbefalingar til korleis ein kan redusere keisarsnittfrekvensen. Ifølgje anbefalingane er bruk av kunnskapsbaserte kliniske retningslinjer, i kombinasjon med eit krav om at indikasjonen for keisarsnitt vert konferert med ein gynekolog, anbefalt der avdelinga har ressursar til dette (NICE, 2011). Dei anbefaler òg kontinuerleg tilvære hjå kvinner i fødsel, induksjon ved gestasjonsalder over 41 veker samt bruk av partogram med varsel- og tiltakslinje (NICE, 2011). Ein siste anbefaling er at avdelinga nytter kunnskapsbasert praksis i form av auditer som omhandlar keisarsnitt ved avdelinga og regelmessige tilbakemeldingar til dei tilsette ved avdelinga (WHO, 2018). Den siste anbefalinga har avdelinga allereie sett i verk då dei tinga dette prosjektet. Vidare blir det då viktig at dei vurderer behovet for ytterlegare forsking på området samt at dei kontinuerleg sikrar at praksis er basert på beste tilgjengelege kunnskap. Resultata frå denne oppgåva, med tilhøyrande forslag til praksis, vil bli lagt fram som foredrag for begge avdelingar i helseføretaket.

7.0 Konklusjon

Denne studien har kartlagt fødselsforløpet til Robson-gruppe 2a og komme til tre hovedresultat når det gjeld kva som karakteriserer desse kvinnene.

Kvinnene i denne robsongruppa er alle fyrstegongsfødande og induserte. Vi har valt å trekke fram nokre karakteristika ved fødselsforløpet til desse kvinnene. 51 % er induserte på grunn av overtid. Fyrste induksjonsmetode har vorte endra frå ein høgare del cytotec til ein høgare del foleykateter ifrå 2016 til 2018. Cytotec gjekk frå 77,8 % i 2016 til 33,3 % i 2018. Foleykateter gjekk frå 16,7 % i 2016 til 57,6 % i 2018. Kvinnene som enda med keisarsnitt i denne robsongruppa har gått frå 30,6 % til 21,2 %. Sjølv om vi her har eit lite utval, ser vi ein reduksjon i keisarsnittfrekvensen. Gjennom datasamlinga har vi gjort funn som er relatert til bruken av dokumentasjonssystemet Imatus Natus. Spesielt ser vi at dokumentasjon av definert aktiv fødsel og bruk av varsel og tiltakslinje i Imatus Natus er brukt ulikt. 92,7 % av kvinnene vart definert i aktiv fødsel og vidare var varsel- og tiltakslinje aktivert i 73,7 % av fødslane. Ein fellesnemnar her er manglande dokumentasjon i form av avkrysning i partogram. Vi anbefaler gjennomgang av dokumentasjonsbruken i systemet, slik at alle som bruker systemet arbeider med eit likt utgangspunkt. På denne måten er det òg enklare å få ut statistikk ifrå fødslane.

Over berre tre år er det vanskeleg å vite om variasjonane mellom åra er av statistisk signifikans, eller om det er naturlege variasjonar i populasjonen. For å kunne leggje studie til grunn for kvalitetsforbetrande arbeid i ei slik avdeling må ein kunne stole på tendensane ein ser, og heller følgje opp over lengre tidsperiodar for å få ein større populasjon med vidare kartlegging. Kartleggingsprosjektet kan medverke til at jordmødre og gynekologar ved avdelinga kan arbeide meir helsefremjande og kunnskapsbasert, og til at avdelinga kan følgje dei nyaste og mest aktuelle retningslinjene til Verdas helseorganisasjon (WHO, 2018).

8.0 Referansar

- Argani, C. H., Satin, Andrew J MD, FACOG. (2019). Occiput posterior position. *Up to Date*. Henta fra https://www.uptodate.com/contents/occiput-posterior-position?search=epidural%20prolonged%20labour&source=search_result&selectedTitle=6~150&usage_type=default&display_rank=6
- Austin, A., Langer, A., Salam, R. A., Lassi, Z. S., Das, J. K. & Bhutta, Z. A. (2014). Approaches to improve the quality of maternal and newborn health care: an overview of the evidence. *Reproductive Health*, 11(Suppl 2). <https://doi.org/10.1186/1742-4755-11-S2-S1>
- Bennett, S. & Bennett, J. W. (2000). The process of evidence-based practice in occupational therapy: Informing clinical decisions, 47(4), 171-180. <https://doi.org/doi:10.1046/j.1440-1630.2000.00237.x>
- Bernitz, S., Dalbye, R., Zhang, J., Eggebø, T. M., Frøslie, K. F., Olsen, I. C., ... Øian, P. (2019). The frequency of intrapartum caesarean section use with the WHO partograph versus Zhang's guideline in the Labour Progression Study (LaPS): a multicentre, cluster-randomised controlled trial. *The Lancet*, 393(10169), 340-348. [https://doi.org/10.1016/S0140-6736\(18\)31991-3](https://doi.org/10.1016/S0140-6736(18)31991-3)
- Blix, E. (2017a). Forskning. I A. T. Brunstad, Eva (Red.), *Jordmorboka* (2. utg., s. 78-82). Oslo: Cappelen Damm.
- Blix, E. (2017b). Fødselens Dynamikk. I A. T. Brunstad, Eva (Red.), *Jordmorboka* (2. utg., s. 435- 441). Oslo: Cappelen Damm.
- Blix, E. (2017c). Ulike syn på svangerskap og fødsel. I A. T. Brunstad, Eva (Red.), *Jordmorboka* (2. utg., s. 51-55). Oslo: Cappelen Damm.
- Blåka, G. (2017). Et kvinnefag i utvikling. I A. T. Brunstad, Eva (Red.), *Jordmorboka* (2. utg., s. 59-65). Oslo: Cappelen Damm.
- Boerma, T., Ronsmans, C., Melesse, D. Y., Barros, A. J. D., Barros, F. C., Juan, L., ... Temmerman, M. (2018). Global epidemiology of use of and disparities in caesarean sections. *The Lancet*, 392(10155), 1341-1348. [https://doi.org/10.1016/S0140-6736\(18\)31928-7](https://doi.org/10.1016/S0140-6736(18)31928-7)
- Boers, K., Vijgen, S., Bijlenga, D., Van Der Post, J., Bekedam, D., Kwee, A., ... Scherjon, S. (2009). Induction of labour versus expectant monitoring for intrauterine growth restriction at term (The Digitat Trial): a multicentre randomised controlled trial. *Am. J. Obstet. Gynecol.*, 201(6), S3-S3.
- Bohren, M. A., Hofmeyr, G., Sakala, C., Fukuzawa, R. & Cuthbert, A. (2017). Continuous support for women during childbirth. *Cochrane Database Syst Rev.*, 7(7). <https://doi.org/10.1002/14651858.CD003766.pub6>
- Brunstad, A. & Tegnander, E. (2017). *Jordmorboka : ansvar, funksjon og arbeidsområde* (2. utg.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Burgess, R. (2011). *New principles of best practice in clinical audit* (2nd ed. utg.). Oxford: Radcliffe Publishing.
- Chalmers, B., Mangiaterra, V. & Porter, R. (2001). WHO Principles of Perinatal Care: The Essential Antenatal, Perinatal, and Postpartum Care Course. *Birth*, 28(3), 202-207. <https://doi.org/10.1046/j.1523-536x.2001.00202.x>

- Costley, P. L. & East, C. E. (2012). Oxytocin augmentation of labour in women with epidural analgesia for reducing operative deliveries. *Cochrane Database Syst Rev*, (5), CD009241. <https://doi.org/10.1002/14651858.CD009241.pub2>
- Datatilsynet. (2017, 25.09.2018). Konsesjon og melding. Henta fra <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-verktoy/konsesjon-og-melding/>
- Dögl, M., Vanký, E. & Heimstad, R. (2016). Changes in induction methods have not influenced cesarean section rates among women with induced labor. *Acta Obstetricia et Gynecologica Scandinavica*, 95(1), 112-115. <https://doi.org/10.1111/aogs.12809>
- Ehsanipoor, R. M., Satin, MD Andrew J, MD, FACOG. (2019). Normal and abnormal labor progression. *Up to Date*. Henta fra https://www.uptodate.com/contents/normal-and-abnormal-labor-progression?fbclid=IwAR1Pcv5Z33Z_xPIUKuX9PPigVKAn1Co194RbyncN2RIgT_SzgnmeY8NAjwA
- Etchells, E., Ho, M. & Shojania, K. G. (2016). Value of small sample sizes in rapid-cycle quality improvement projects. *BMJ Quality & Safety*, 25(3), 202. <https://doi.org/10.1136/bmjqqs-2015-005094>
- Folkehelseinstituttet. (2016-2017). Medisinsk fødselsregister og Abortregister. Henta fra <http://statistikkbank.fhi.no/mfr/>
- Forskningssetikkloven. (2017). Lov om organisering av forskningsetisk arbeid (forskningssetikkloven) (LOV-2017-04-28-23). Henta fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-04-28-23?q=forskningssetikk>
- Gammersvik, Å. L., Torill. (2012). *Helsefremmende sykepleie: i teori og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Grobman, W., Lockwood, C.J., MD, MHCM. (2019). Induction of labor with oxytocin. *Up to Date*. Henta fra https://www.uptodate.com/contents/induction-of-labor-with-oxytocin?search=induction%20of%20labor,%20indication§ionRank=1&usage_type=default&anchor=H7531323&source=machineLearning&selectedTitle=1~150&display_rank=1-H7531323
- Gulmezoglu, A., Crowther, C. & Middleton, P. (2006). Induction of labour for improving birth outcomes for women at or beyond term. I *Cochrane Database Syst Rev*.
- Guyatt, G., Cook, D. & Haynes, B. (2004). Evidence based medicine has come a long way, 329(7473), 990-991. <https://doi.org/10.1136/bmj.329.7473.990> %J BMJ
- Gülmezoglu, A. M., Crowther, C. A., Middleton, P. & Heatley, E. (2012). Induction of labour for improving birth outcomes for women at or beyond term. *Cochrane database of systematic reviews (Online)*, 6, CD004945.
- Helsedirektoratet. (2003). *Evaluering av faglige retningslinjer. AGREE instrumentet*. (ISBN 1 8981 8321 X). Henta fra https://www.agreertrust.org/wp-content/uploads/2013/06/AGREE_Instrument_Norwegian.pdf
- Helsedirektoratet. (2005). *Og bedre skal det bli – Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten 2005–2015* (IS-1162). Henta fra <https://helsedirektoratet.no/publikasjoner/og-bedre-skal-det-bli-nasjonal-strategi-for-kvalitetsforbedring-i-sosial-og-helsetjenesten-20052015>
- Helsedirektoratet. (2010). *Et trygt fødetilbud. Kvalitetskrav til fødselsomsorgsen* (IS-1877). Henta fra <https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/et-trygt-fodertilbud-kvalitetskrav-til-fodselsomsorgsen>

Helsedirektoratet. (2012). *Veileder for utvikling av kunnskapsbaserte retningslinjer* (IS-1870). Henta fra <https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/184/Veileder-for-utvikling-av-kunnskapsbaserte-retningslinjer-IS-1870.pdf>

Helsedirektoratet. (2014). *I trygge hender 24-7*. Henta fra <http://www.pasientsikkerhetsprogrammet.no/om-oss/om-pasientsikkerhetsprogrammet/i-trygge-hender-24-7>

Helseforskningsloven. (2008). Lov om medisinsk og helsefaglig forskning (LOV-2008-06-20-44). Henta fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-20-44?q=helseforskningslova>

Helsepersonelloven. (1999). Lov om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven) (LOV-1999-07-02-64). Henta fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-64?q=helse>

HelseVest. (2017). *Helse 2035*. Henta fra https://helse-vest.no/seksjon/styresaker/Documents/2017/02.02.2017/Sak_01617_Vedlegg_1_-Ny_verksemestrategi_-Helse2035.PDF

Henriksen, T. O., Heidi; Kardell, Kristin; Skogøy, Kristin (2014). Adipositas og svangerskap/fødsel. *Norsk gynækologisk forening*. Henta fra <https://legeforeningen.no/Fagmed/Norsk-gynækologisk-forening/Veiledere/Veileder-i-fødselshjelp-2014/Adipositas-og-svangerskapfødsel/>

Hodnett, E. D., Gates, S., Hofmeyr, G. J. & Sakala, C. (2003). Continuous support for women during childbirth. *Cochrane Pregnancy and Childbirth Group*, 7(3). <https://doi.org/10.1002/14651858.CD003766.pub5>

Hollnagel, E. (2014). *Safety-I and safety-II : The past and future of safety management*. Farnham: Ashgate.

Hoope-Bender, P. t. B., Luc de; Campell, James; Downe, Soo; Fauveau, Vincent; Fogstad, Helga; Hamer, Caroline, S, E; Kennedy, Holly, Powell; Matthews, Zoe; McFadden, Alison, Renfrew, Mary; Lerberge, Win Van. (2014). Improvement of maternal and newborn health through midwifery. Henta fra https://ac.els-cdn.com/S0140673614609302/1-s2.0-S0140673614609302-main.pdf?_tid=08401fe3-b407-4717-bao4-22c3cof770e3&acdnat=1543305990_dfc7699ffcoef4587e3a5b6227327d21

ICM. (2017). *International Definition of the Midwife* (CD2005_001 V2017 ENG). Henta fra https://www.internationalmidwives.org/assets/files/definitions-files/2018/06/eng-definition_of_the_midwife-2017.pdf

ICM. (2018). *Essential Competencies for Midwifery Practice*. Henta fra https://www.internationalmidwives.org/assets/files/general-files/2018/10/icm-competencies---english-document_final_oct-2018.pdf

Ivars, J., Garabedian, C., Devos, P., Therby, D., Carlier, S., Deruelle, P. & Subtil, D. (2016). Simplified Bishop score including parity predicts successful induction of labor. *European Journal of Obstetrics and Gynecology*, 203, 309-314. <https://doi.org/10.1016/j.ejogrb.2016.06.007>

Ivers, N., Jamtvedt, G., Flottorp, S., Young, J. M., Odgaard-Jensen, J., French, S. D., ... Oxman, A. D. (2012, Jun 13). Audit and feedback: effects on professional practice and healthcare outcomes. *Cochrane Database Syst Rev*, (6), Cd000259. <https://doi.org/10.1002/14651858.CD000259.pub3>

Keag, O., Norman, J. & Stock, S. (2018). Long-term risks and benefits associated with cesarean delivery for mother, baby, and subsequent pregnancies: Systematic review and meta-analysis. *PLoS Medicine*, 15(1). <https://doi.org/10.1371/journal.pmed.1002494>

- Koopmans, C. M., Bijlenga, D., Groen, H., Vijgen, S. M. C., Aarnoudse, J. G., Bekedam, D. J., ... van Pampus, M. G. (2009). Induction of labour versus expectant monitoring for gestational hypertension or mild pre-eclampsia after 36 weeks' gestation (HYPITAT): a multicentre, open-label randomised controlled trial. *The Lancet*, 374(9694), 979-988.
[https://doi.org/10.1016/S0140-6736\(09\)60736-4](https://doi.org/10.1016/S0140-6736(09)60736-4)
- Kunnskapsdepartementet. (2005). Forskrift til rammeplan for jordmorutdanning (FOR-2005-12-01-1390). Henta fra <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-12-01-1390>
- Laake, P. (2007). *Epidemiologiske og kliniske forskningsmetoder*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Magnus, P. & Bakkeiteig, L. S. (2013). *Epidemiologi* (4. utg. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Marsdal, S., Gaudernack & Lukasse. (2018). A comparison of misoprostol vaginal insert and misoprostol vaginal tablets for induction of labor in nulliparous women: a retrospective cohort study. Henta fra <https://bmcpregnancychildbirth.biomedcentral.com/articles/10.1186/s12884-017-1647-3>
- Marshall, J. E., Raynor, M. D. & Myles, M. F. (2014). *Myles textbook for midwives* (16th ed. utg.). Edinburgh: Churchill Livingstone Elsevier.
- Mei-Dan, E., Pittini, A., Barrett, J. & Melamed, N. (2017). 945: Indication for induction of labor and risk for cesarean section. *American Journal of Obstetrics and Gynecology*, 216(1), S534-S535.
<https://doi.org/10.1016/j.ajog.2016.11.854>
- Melnyk, B. M. & Fineout-Overholt, E. (2015). *Evidence-based practice in nursing & healthcare : a guide to best practice* (3rd ed. utg.). Philadelphia: Wolters Kluwer Health.
- Melnyk, B. M. E. F.-O. (2019). *Evidence-based practice in nursing and healthcare* (4. utg.). Philadelphia: Wolter Kluwer Health.
- Miller, S., Abalos, E., Chamillard, M., Ciapponi, A., Colaci, D., Comandé, D., ... Althabe, F. (2016, 2016/10/29/). Beyond too little, too late and too much, too soon: a pathway towards evidence-based, respectful maternity care worldwide. *The Lancet*, 388(10056), 2176-2192.
[https://doi.org/https://doi.org/10.1016/S0140-6736\(16\)31472-6](https://doi.org/https://doi.org/10.1016/S0140-6736(16)31472-6)
- Mishanina, E., Rogozinska, E., Thatthi, T., Khan, R. U., Khan, K. S. & Meads, C. (2014). Use of labour induction and risk of cesarean delivery: a systematic review and meta-analysis. *Canadian Medical Association Journal*, 186(9), 665-673. <https://doi.org/10.1503/cmaj.130925>
